

ÅRSMELDING 2015

FOR

BOKN KOMMUNE

Innhald:

Rådmannen sine kommentarar

Generelt	1
Budsjett og drift i 2015	2
Lånegjeld og fond	3
Sjukefråver og HMS	4
Likestilling / deltidstillingar	5
Personale/kompetanse og kommunal leing	5
Vegen vidare	6
Befolkningsutvikling i Bokn 2005-2015	9

Sentraladministrasjonen

Innleing	10
Ressursbruk	10
Resultatvurdering	11
Utviklinga framover	19

Seksjon barnehage, skule og kultur

Innleing	20
Ressursbruk	21
Resultatvurdering	25
Utviklinga framover	34

Seksjon helse, sosial og barnevern

Innleing	35
Ressursbruk	35
Resultatvurdering	39
Utviklinga framover	45

Seksjon teknisk

Innleing	47
Ressursbruk	47
Resultatvurdering	48
Utviklinga framover	53

Politisk og administrative organisering	54
--	-----------

RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR:

Generelt

Årsmeldinga for 2015 gir ein oversikt over kommunen sine aktiviteter i året som er gått. Ein har forsøkt å visa bredda i det som skjer i kommunen. Årsmeldinga bygger på same lesten som tidlegare år.

Innbyggartalet har i 2015 stabilisert seg etter at ein i 2014 hadde ein nedgang på 3%. Ved årsskiftet 2015/2016 var innbyggartalet på 865, det same som året før.

Tiltross for at mange bedrifter på nasjonalt plan har hatt store utfordringar i 2015 både med ordretilgang og økonomi, ser det ut at dei etablerte bedriftene i kommunen har greidd seg bra. Ein er også kjend med at det er verksemdar som har store utbyggingsplanar det kommande året, i tillegg til at fleire unge har starta eiga verksemd.

Arbeidsledigheten i Bokn er pr. mars 2016 3,4%, mens den for unge mellom 16 – 29 år er 2,0%.

Alle reguleringsplanane i samband med Rogfastutbygginga er no ferdig behandla i Bokn. Etter signal frå Rogfastleiinga vil arbeidet med sjølv tunnelen starte opp sommaren 2017.

Som fylgje av avtale mellom Rogfast og Bokn kommune om levering av vatn til Rogfastprosjektet, held ein no på med planar for utbygging av vassverket. Utbygginga skal vere ferdig for levering av vatn fyrste del av 2017.

Nye planar om utviding av E 39 til 4-feltsveg mellom Os – Bokn har lagt hindringar i vegen for godkjenning av reguleringsplan for bustader på Austre Bokn og utarbeiding av områdeplan for næringsområdet sør for Knarholmen.

Rogfast, Hordfast og andre større samferdselsprosjekt, vil kunna få store positive ringverknader for næringsutvikling og busetnad på Haugalandet. Sjølv om det for tida er liten aktivitet når det gjeld bustadbygging og næringsetableringar i vår del av landet, er det grunn til å tru at mange vil sjå mot Bokn for busetting og etablering av næringsverksemd når dei framtidige samferdselsprosjekta står ferdige.

I den vedtatte kommuneplanen er det tatt høgde for at etterspurnaden etter nærings- og bustadtomter vil bli aukande dei kommande åra.

Sjukefråværet i Bokn for 2015 er gått ned frå 7,1% i 2015 til 5,2% i 2016. Sjølv om sjukefråværet i ein liten kommune som Bokn av mange grunner vil kunne ha større årlege variasjonar enn i ein større organisasjon, kan det tyde på at det store fokuset ein i 2015 har hatt på nærværsoppfylgging, har gitt gode resultat.

Bokn kommune har starta opp arbeidet med kommunestrukturen gjennom nabosamtalar med Tysvær og utarbeiding av 0-alternativ utgreiing – vidareføring av Bokn som no, og 1-alternativ utgreiing Bokn og Tysvær saman.

Det er planlagt at spørsmålet om ei eventuell kommunesamanslåing blir lagt fram for ei rådgjevande folkeavrøysting i siste del av juni 2016.

Målsettingar i budsjettet for 2015

Budsjettet for 2015 har som tidlegare år vore basert på målsettingar om å:

Vidareføra og styrke gode tenestilbod til alle grupper
Styrka oppvekstvilkår for born og unge
Legga til rette for etablering av unge familiar
Marknadsføra kommunen som ein god stad for busetting og etablering
Driva ein aktiv næringspolitikk
Delta aktivt i regionalt samarbeid

Konkrete mål har vore:

Ferdigstilling av bustadfelt på Fyren
Bygging av fleirbrukshall
Ferdigbehandla reguleringsplanane i Rogfastprosjektet
Utarbeide områdeplan for næringsområdet sør for Knarholmen
Utarbeide sentrumsplan for Føresvik
Etablere tomteselskap

Drift 2015

Dei kommunale tenestene på Bokn er gode. Dette er mellom anna dokumentert gjennom Kommunebarometeret som er ei samanlikning av landets kommunar, basert på sentrale nøkkeltal.

Føremålet med Kommunebarometeret er å gi kommunestyra og sentrale myndigheiter ein lettfatteleg og tilgjengeleg oversikt over på kva måte kommunane driv.

Tala er henta frå Statistisk sentralbyrå si Kostra-database og Grunnskuleinformasjonssystem.

I det foreløpige kommunebarometeret for 2015 er Bokn kommune rangert som nr. 115; Dette gjer at ein kjem ut som ein av dei beste av kommunane i Rogaland. Særleg skårar kommunen høgt på skule, barnehage, kultur og helse – viktige tenester for innbyggjarane.

Kommuneøkonomien er eit viktig reiskap for å nå dei mål ein setter seg for utvikling av kommunen.

Bokn kommune har i mange år, som fylgje av eigedomsskatt frå gassbasert industri, hatt ein økonomi som har gjort det mogleg å halde eit tilfredsstillande driftsnivå, nedbetale gjeld og samtidig sette av pengar til fond.

Dei siste åra har Bokn likevel hatt ei dårlegare inntektsutvikling enn mange andre kommunar. Dette er i all hovudsak relatert til demografisk endringar og folketalsutviklinga dei siste 2 åra. Låg folketalsutvikling betyr òg lågare inntekter frå gassbasert industri sidan denne inntekta blir fordelt mellom Tysvær og Bokn etter folketal. Dette kan ein også lese ut av nedanforståande tabellar som viser at den samla inntektsveksten for Bokn i 2015 var negativ – samtidig som kommunen fekk fleire ressurskrevjande brukarar og kostnadskrevjande oppgåver. Dette kostnadsbilde har ein også med inn i 2016.

Som fylgje av dei store kostnadene dette medfører, fekk kommunen i 2015 og 2016 h.h.v. kr. 500.000,- og kr. 1.000.000,- i ekstra skjønsmidlar frå staten.

Rekneskapen for 2015 viser eit samla mindreforbruk på kr. 152.445,-. Det vises elles til kommentarane under det enkelte rammeområde.

Driftsresultat/rekneskapsmessig mindreforbruk i Bokn 2015 og 2014

	Rekneskap 2015	Rekneskap 2014
Brutto driftsresultat	-2.575.967	1.414.510
Netto driftsresultat	-11.785	3.040.303
Mindreforbruk (Overskot)	152.445	3.304.509
Netto driftsresultat % av brt. dr. innt.	0,0 %	3,3 %

Resultatet i 2014 er korrigert for overføring av fond tilhøyrande Haugaland Vekst IKS.

Investeringar

Dei samla investeringane i 2015 utgjer ca. 19,5 mill. kroner. Dei største investeringane gjeld bygging av fleirbrukshall med kr. 11,3 mill. kroner, ferdigstilling av bustadfeltet i Fyrvegen med 4,3 mill. kroner og breibandsatsing med 3 mill. kroner.

Lånegjeld og fond

	Rekneskap 2015	Rekneskap 2014
Langsiktig lånegjeld	57.675.192	26.848.279
Fond:		
Disposisjonsfond	10.011.847	9.427.636
Ubundne kapitalfond	8.214.551	1.714.101
Bundne kapitalfond	0	0
Bundne driftsfond	1.516.050	1.519.887
Sum fond	19.742.448	12.661.624

Dei kommunale fonda er auka med
Langsiktig lånegjeld er auka med

kr. 7.080.824,-
kr. 30.826.913,-

I tillegg kjem startlån og formidlingslån pr. 01.01.2016

kr. 13.332.726,-

Auken i fond frå 2014 til 2015 heng saman med tilbakebetaling av fond som hadde vore nytta til mellombels finansiering av lånefinansiert investering og overskott i 2014.

Netto lånegjeld pr. innbyggjar iflg. Kostra-tal

	2015	2014
Bokn	63.973.000	27.133.000
Kostragruppe 5	105.064.000	102.443.000
Rogaland	69.647.000	68.268.000
Landet	73.314.000	72.223.000

Bokn kommune sine inntekter

	Rekneskap 2015	Rekneskap 14
Skatteinntekter	19.578.460	19.718.379
Rammetilskott	41.276.427	40.446.125
Eigedomsskatt	9.519.686	10.076.744
Overf. med krav til motyting	11.051.105	11.652.844
Andre inntekter	9.672.366	10.089.572
Sum driftsinntekter	91.089.044	91.983.666

Endring i Bokn kommune sine inntekter

	Rekneskap 2015		Rekneskap 2014	
	Kroner	Prosent	Kroner	Prosent
Endring i samla inntekter	- 894.622	- 1,0%	4.650.000	5,3%
Endring i eigedomsskatt	-557.058	-5,5%	568.000	6,0%
Endring i skatteinntekter	-139.919	-0,7%	544.849	2,8%

Det meste av eigedomsskatten skriv seg frå den gassbaserte industrien på Kårstøanlegget og Europipe II røyrleidningen som går over Bokn.

Sjukefråver og HMS

Bokn kommune har frå 2002 vore ein IA bedrift. Sidan 1. januar 2005 har ein hatt avtale med Haugaland HMS-senter nå SOSinternational om regelmessig gjennomgang og kartlegging av arbeidsmiljøet mellom anna som eit tiltak for å få redusert sjukefråværet. Totalt for kommunen var sjukefråværet på 5,2% i 2015 (7,1% i 2014, 6,5% i 2013, 6% i 2012, 5,3 % i 2011). Det er fortsatt stor forskjell frå avdeling til avdeling og sjukefråværet er nærare omtalt hos kvar enkelt seksjon.

Bokn kommune har ikkje hatt alvorlege ulykker i 2015.

Likestilling / deltidstillingar

Bokn kommune har som andre kommunar, ei skeiv fordeling av kvinner og menn i mange av yrkene. Både i helse, barnehage og skule har vi ei stor overvekt av kvinner mens det i teknisk bare er tilsett menn. I leiarstillingane er det noko jamnare fordeling mellom kvinner og menn.

Utfordringa er å rekruttere fleire menn til stillingar i helse, skule og barnehage og fleire kvinner til stillingar i teknisk.

Kommunen har også mange deltidstillingar, spesielt innan omsorg. Det er eit mål å redusera bruk av deltidstillingar og kunna tilby fleire stillingar med 100%. Små stillingar er ei ulempe for både tilsette og brukarar, men ofte kan det vera vanskeleg å få ein turnus til å gå opp dersom antall personar i turnusen blir redusert.

Personale /kompetanse og kommunal leiing

Bokn kommunen har stabile, dyktige og godt kvalifiserte medarbeidarar - noko som er ein føresetnad for god kvalitet på dei kommunale tenestene. Auka kompetansekrav for lærar i skulen må vere på plass innan 2025. Dette vil stille krav til kommunen ved tilsetjing av nye lærarar og ved å legge til rette for at dei allereie tilsette lærarane kan tileigne seg nødvendig tilleggsutdanning.


Det er mange kommunar som utviklar nye tiltak og virkemidlar for å rekruttera og halda på personalet. Konkurransen om dei dyktige medarbeidarane er stor.

Bokn kommune har fram til no vore konkurransedyktig når det gjeld løn og personalpolitiske virkemiddel elles, men må nok også vurdera nye tiltak for å behalda og rekruttera fagfolk i tida som kjem. Personalpolitiske handlingsplanar vil i samarbeid med dei tillitsvalde bli rullert og lagt fram for politisk behandling i løpet av 2016.

Tilsetjing av nye medarbeidarar fører til utfordringar både i leiargruppa og internt i seksjonane og er kostbart for kommunen. Det har dei siste åra vore brukt mye tid internt på å vidareføra kunnskap og leggja til rette for at dei nye leiarane skal kunna fungera på ein god måte.

Det siste året har kommunen si leiargruppa vore redusert som følgje av at ein av dei tidlegare seksjonssjefsstillingane blei trekt inn. Helse og pleieoppgåvene blei lagt seksjonssjefsstillinga for kultur/barnehage/skule mens barnevern og NAV blei tillagt direkte til rådmannen. Ansvar for sentraladministrasjonen og IKT blei tillagt økonomisjefsstillinga. Stillingane fekk samtidig ny titlar som kommunalsjefar som er ein meir vanleg tittel i kommunal sektor for denne type stillingar.

Organisasjonskart Bokn kommune frå 1.1.2015



Vegen vidare

Bokn kommune har eit høgt nivå på dei kommunale tenestene - både når det gjeld kvalitet og kvantitet – noko som også har avspegla seg i dei siste års Kommunebarometeret. Utdringa vidare vil vera å kunna oppretthalde og vidareutvikla tenestetilboda innafor dei økonomiske rammene som blir vedtatt av Stortinget.

Det har også i 2015 vore ei stor etterspurnad etter sjukeheimplassar og omsorgsbustader. Alderssamansettinga i Bokn gjer at gruppa over 80 år vil auke dei komande åra. I tillegg må ein også gjere rekning med at det i framtida vil bli fleire demente, med dei utfordringar dette stiller til tenesta og personalet. Det blei i 2015 vedtatt ein bustadsosial handlingsplan som skal danna grunnlag for iverksetting av tiltak for å møte dei framtidige behova for tilrettelagte bustader og bustader for andre brukargrupper. Som fylgje av denne planen blei det i budsjettet for 2016 vedtatt å bygge 15 tilrettelagte bustader. Arbeidet med utarbeiding av planane for ei slik utbygging er i løpet av våren komme godt i gang.

Samhandlingsreforma stilte krav til kommunane om ein måtte etablere ø-hjelpssenger innan 2016. Dette er for Bokn løyst gjennom ein midlertidig avtale med Haugesund kommune. Samtidig har Tysvær, Sveio og Bokn som tidlegare hadde felles legevakt, no inngått ein midlertidig avtale med Haugesund om legevakt. På sikt vil dette kunne bli utvida til eit større interkommunalt samarbeid der også Karmøy deltar.

Små fødselstal dei siste åra gjer at antall born i barnehagen og elevar på skulen blir sterkt redusert dei kommande åra dersom ein ikkje får auka tilflytting. Slik det ser ut i dag vil dagens barnehage dekkja behovet for barnehageplassar mange år framover.

Sjølv om folketalet i Bokn har hatt ei negativ utvikling dei siste åra, er det likevel grunn til å tru at kommunen på sikt vil få ei sterk vekst i folketalet som fylgje av Rogfastutbygginga, dersom kommunen sjølv ynskjer dette. Med ei fortsatt vekst i folketalet og ei sterk næringsutvikling i Sør-Rogaland kombinert med knapphet på areal, må det forventast at mange vil sjå på Bokn som attraktiv stad for både busetting og næringsetablering.

Kommunen vil bli stilt ovanfor store utfordringar når det gjeld å vera i forkant i forhold til planlegging og tilrettelegging for auka etterspurnad etter bustadtomter og næringsareal. Statens Vegvesen sine planar om bygging av ny E 39 frå Rogfast mot Hordaland har ført til at kommunen sine egne planar har blitt satt på vent.

Arbeidet med kommunestruktur og kommunesamanslåingar vil vera eit sentralt tema i kommunesektoren det neste året. Eit av dei mest spennande spørsmål for Boknasamfunnet som no kjem opp, er om Bokn skal fortsetta som eigen kommune eller bli ein del av ein større kommune. Dette vil bli avgjort i løpet av våren 2016 gjennom ei rådgjevand folkeavrøysting og gjennom Stortinget si behandling av saken våren 2017.

Forslag til nytt inntektssystem for kommunane, som no er under behandling, vil dersom det blir vedtatt av Stortinget, føra til eit stort inntektssvikt for Bokn i forhold til dagens økonomiske rammer, og vil gi kommunen utfordringar i forhold til å oppretthalde det tenestetilbodet Bokn har i dag.

For Bokn vil dette kunne resultere i at enda fleire av dei lovfesta tenestene må leverast av andre kommunar gjennom eit interkommunalt samarbeid. Sjølv om det interkommunale samarbeidet kan vere utfordrande ser ein dette som viktig og nødvendig dersom Bokn skal bestå som eigen kommune. I dag deltar Bokn mellom anna Innkjøpssamarbeidet på Haugalandet, Haugaland Vekst IKS, HSA – Haugaland Skule Arbeidsliv, Haugalandsløftet, Interkommunalt renovasjonsselskap HIM, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, Nord-Rogaland og Sunnhordland Friluftsråd, Interkommunalt krisesenter, Barnevernssamarbeid, samarbeid om PPT-teneste, Brannsamarbeid, Haugaland Kraft AS og Karmsund Hamn IKS for å nemne noen av dei mest sentrale.

Økonomi er ein viktig innsatsfaktor når det gjeld kvalitet og kapasitet på kommunale tenester. Gode kommunale tenester er likevel fyrst og fremst avhengige dyktige medarbeidarar.

Sentralt som Bokn ligg, nært opp til arbeidsmarknader både sør og nord for Boknafjorden, er det mange kommunar som konkurrerer om denne arbeidskrafta. Det er

derfor viktig å ta vare på denne ressursen gjennom ein personalpolitikk som gjer oss konkurransedyktige i forhold til andre kommunar.


Bokn, april 2016

Jan Erik Nygaard
Rådmann

FOLKNINGSUTVIKLING I BOKN 2009 – 2015

ÅR	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Fødde	13	8	6	5	1	8	12
Døde	7	10	6	3	2	5	8
Fødselsoverskott	6	-2	0	2	-1	3	4
Innflytting	43	49	43	54	21	35	40
Utflytting	29	41	29	45	15	41	44
Netto flytting	14	8	14	9	6	-6	-4
Folketalsvekst	20	6	14	11	5	-3	0
Sum innbyggjarar	831	837	851	863	868	865	865

Folketalsvekst 2009 - 2015



I 2015 var det eit fødselsoverskott på 4. 12 fødde og 8 døde. Ein fekk likevel ikkje folketalsvekst i 2015 då utflyttinga var større enn innflyttinga. Det er positivt at det fødde blei heile 12 dette året.

RAMMEOMRÅDE 1 - SENTRALADMINISTRASJONEN

Innleiing

Sentraladministrasjonen omfattar dei politiske og administrative tenestane i kommunen. Dei administrative funksjonane er rådmann, data, servicetorg, økonomi, lønn og personal.

Tenestane som dette rammeområdet omfattar er politisk aktivitet og overordna administrasjon av kommunen som utgjer ca 45% av utgiftene på rammeområdet. Resten av utgiftene ca 55% gjeld fellesutgiftene til tenesteproduksjon. (jmf. Resultatvurdering, andre tenester)

På grunn av vakanse i ein seksjonssjef stilling vart det gjort ei organisasjonsending med verknad frå 1.1.2015. Rådmannen overtok ansvar for NAV/sosial og barnevern, medan økonomisjefstillinga vart omgjort til kommunalsjef administrasjon, med ansvar for servicetorg, økonomiavdeling og IKT.

Drifta i administrasjonen omfattar kundemottak, sentralbord, post, arkiv, felles innkjøp, sekretæriat for politiske utval, interne merkantile tenester til og for seksjonane, økonomistyring, budsjett, innkjøpsavtalar, rekneskap, lønn, fakturering, generell personalpolitikk, HMS/arbeidsmiljø og IKT drift- og strategi.

Rådmannen sine funksjonar er overordna styring og kontroll, juridisk bistand, interkommunalt/regionalt arbeid, NAV, barnevern, beredskap, sekretærfunksjon for formannskap og kommunestyre, næringsarbeid, kommuneplanarbeid, .

Ressursbruk; (heile 1000)

Driftsresultat	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Budsjett 2015	Avvik frå Budsjett 2014
Brutto utgifter	18.944	19.138	16.208	2.930
Brutto inntekter	-4.910	-5.150	-2.927	-2.223
Netto utgift	14.034	13.989	13.282	707

Rekneskapet for 2015 viser ca. 0,7 mill. høgare forbruk enn budsjettet. Dette skuldast at ein i 2015 fekk eit positivt premieavvik (driftskostnad) på ca 1,2 mill.

Auke i bokført meirverdiavgift	ca 0,6 mill
Kostnader ved konsulentkjøp brannvernsamarbeid	ca 1.1 mill
Unyttat reservert løyving	- ca 0,3 mill
Inntektsauken er:	
Refusjon meirverdiavgift	- ca 0,6 mill
Andre refusjonar (inkl.brannvernsamarbeid)	- ca 1,3 mill

Bemanning	2011	2012	2013	2014	2015
Årsverk rådmann/stab.	3,37	3,37	3,37	3,37	2,37
Årsverk sentraladministrasjon	4,43 *	4,43*	4,73*	4,73 *	5,3

* Inkl. 13% lønna tillitsvalgt ihht hovudavtalen fram til juni 2015

IT-konsulenten gjekk av med 50% AFP frå mars 2015. Etter interne drøftingar vart det oppretta ei ny stilling som IT-sjef frå 1. august (pt. 80%). Stillinga var ei kombinasjon av IKT-ressursen på skulen (30%) og den vakante 50% i sentraladministrasjonen. Etter fleire år med vikarbruk i servicetorget vart bemanninga permanent frå august med 1,6 årsverk. 40% stillingsandel som var stasjonert på skulen er nå overført til skule. Bemanninga har elles vore stabil og ein har god fagleg kompetanse i stillingane.

Sjuefråver i administrasjonen

sjuefråver	2011	2012	2013	2014	2015
I %	0,4%	1%	2,1	2,1	0%
Kortidsfråver dagar	9		6	11	0
Langtidsfråver dg.	0		42	38,8	0

Sjuefråveret i administrasjonen er fortsatt svært lågt.

Resultatvurdering

Dei ordinære driftsoppgåvene for administrasjonen har ikkje endra seg i forhold til tidlegare år men

Teneste 1000/1100 Politisk styring / kontroll

Utgiftene omfattar mange ulike kostnader, både kurs, reiseutgifter, bevertning, kontorrekvisita etc. Rekneskapet for 2015 er i samsvar med vedtatt budsjett.

Utgifter til revisjon var 176.749,-. I tillegg vart det gjennomført forvaltningsrevisjon vedr. post/arkiv rutiner, kostnad kr. 30.954,-.

Teneste 1200 Administrasjon

Rådmann, IT, personal, servicetorg og økonomi (teneste 1202) er alle definert som "administrasjon".

Både rådmann, Økonomiavdelinga og Servicetorg bruker mykje av arbeidstida til å utføre oppgåver som er ein del av tenesteproduksjonen i andre seksjonar. Kartlegging viste at av dei 7,6 årsverka som er tilsette i sentraladministrasjonen utfører ein normalt ca.3,5 årsverk i direkte tenesteproduksjon.

Dei resterande 4,1 årsverka i administrasjonen utfører "tenester som betjener hele den kommunale organisasjonen" – dvs. rekneskap, lønn, personalpolitikk, HMS, sentralbord, post/arkiv, politisk sekretariat, datadrift og overordna administrasjon og leiing.

Data:

Hausten 2015 og våren 2016 har ein skifta ut og oppgradert serverar. Målsetjinga er å ha ein IKT struktur som sikrar stabil drift og kor dataprogramma kan overføre informasjon seg imellom der det er mogeleg.

54 virtuelle serverar, fleire dataprogram, meir integrasjon og større kompleksitet fører også til at vi får ein del driftsproblem. I 2014 måtte vi leie inn dataspesialister for ca kr. 272.000,- for å rette opp feil som oppsto i nettverket.

Acos Infolink er ny heimesideløysing for kommunen. Den er ei standardisert løysing med integrasjon mot arkivsystemet i kommunen. I tillegg tilbyr dei elektroniske skjema for innbyggjarane. Portalen inneheld både Bygdabladet og kommunen si heimeside. Løysinga har vore svært stabil etter at ho blei tatt i bruk, sida blir regelmessig oppdatert.

Datasikkerhet

Kommunen tar fysisk back-up av alle data, og back-up serveren er plassert i anna bygg enn hovudserver, både lokalt og regionalt i Norge. Back-up vert kjørt både til disk og skyteneste levert av Atea AS. Begge serverane er stasjonert i eigne låste rom, og rom for hovudserver er også sikra med kjøling / ventilasjon. Nettverket er bygd slik at vi har sikre soner for sensitiv informasjon ihht datatilsynet sine krav.

Bokn kommune har, som alle andre kommunar, utfordringar med alle einingane som blir brukte privat og i jobbsamanheng. Dette gjeld til dømes private smarttelefonar og nettbrett. Kommunen har reglar for dette og arbeider kontinuerlig med system som kan ivareta sikkerheten best mogeleg samtidig som brukarane skal oppleve IT- systema som framtidsretta og tilgjengelige.

Kommunen arbeider systematisk med å innhente databehandlaravtalar med alle partnarar, jf krav frå Datatilsynet, samt å risikovurdere ulike IT-avtalar. Dette arbeidet aukar i omfang.

Vi har godkjente lisensar for programvare og antivirusprogram på alle PCar og servere. Microsoft sine lisensreglar for Office er kompliserte og det har tidlegare vore vanskeleg å halde kontroll over at alt var lovleg. Nå har Microsoft kontroll, og vi betalar kun for det talet brukar me til ei kvar tid har i systemet. Dette sikrar enkel opp-og nedskalering av lisensar ved behov.. Kommunen køyrer i dag på Office 2010 plattform, og e-post /kalenderfunksjonen er nå skyteneste slik at alle meldingar og avtalar kan synkroniserast med bl.a. mobilt utstyr. Kommunen har i skrivande stund lisensgjennngang med Microsoft.

I smaband med innkjøp av nye system har kommunen nå ingått vedlikehaldsavtalar på lisensar. Dette skal sikre regelmessige oppdateringar av serverar, programvare m.m. for å skape ein jamnare kostnadsfordeling og oppdaterte system. Dette er ei utfordring for små kommunar i og med at ein har få brukarar å fordele kostnadane på. Derfor prøver kommunen, så langt råd er, å inngå avtalar der ein betalar pr. brukar.

Serverpark og PCar

Vi har nå om lag 190 PCar og serverparken består av 5 fysiske serverar og 54 virtuelle. I tillegg kjøper kommunen datalagring hos Microsoft, PC-Support, Visma, Acos, Tysvær kommune og Its Learning. Alle elevane i ungdomsskulen har nå eigen bærbar pc som dei får når dei startar i 8 klasse.

Behovet for utskifting av PCar skjer jevnleg. Kommunen har eit straksbehov på ti nye klientar fordi desse kjører utdatert programvare. Når det gjeld bærbare pc til lærarar og elevar pc har vi desse på leasing, alt anna datamaskinkjøp er ordinært. Gjennomsnitt levetid pr PC er 3-7 år, avhengig at type (bærbar/stasjonær) og bruk. I dag brukar me til dømes resirkulerte elevmaskinar som klientar i helsenettet.

I 2015 og 2016 har ein valt å gå over til leasing av fysiske serverar og oppgraderingar. Dette fordi desse systema krev regelbundne oppgraderingar, i snitt kvart 5. år, og dette arbeidet inneber utskifting av utstyr og konsulentbistand. Kommunen legg opp til ei rullering av oppgraderingar for å sikre oppetid og for å unngå store driftsavbrudd i smaband med oppgradering.

Våren 2016 er eit godt døme på dette, kommunen har oppgradert til nyaste versjon av Citrix server utan nedetid for brukarane og utan bruk av overtid for konsulentar.

I løpet av 2016 vil kommunen ta i bruk 20 nettbrett i eit samarbeid mellom folkehelsearbeidet og skulen. Tanken er samdrift der både elevar og t.d. pensjonistar vil kunne nytte desse nettbretta til opplæring.

Alle politikarane i Bokn har eit nettbrett kvar. Det vil bli arbeidd mot at politikarane blir tettare knytte inn mot det kommunale IT- systemet slik at ein kan bruke felles arbeidsplattformer for utveksling av e-post og saksdokument.

Kjøp av tenester

Økonomi programma har sidan årsskiftet 05/06 vore drifta av eit privat selskap i Sykkylven, og alle kommunane (4stk) som er med i dette samarbeidet har vore svært nøgde med oppetid og service.

Dei kommunale programma (matrikkel, Gisline, Komtek) vert drifta av Tysvær. Skatt? Elles har kommunen tilgang til ein del program via internett kor vi har kjøpt bruksrett.

Trådløst nett

Boknatun, skule og biblioteket er nå dekkja av tre trådløse nett: lærer, elev og publikums-nett. Det er nå access-punkt som dekkjer heile skulebygget og store deler av Boknatun: Det er klargjort for svart fiber frå Boknatun til fleribrukshallen, i tilegg har ein lagt til rette for styring av nettverk frå IT-avdeling på Boknatun.

IT- sjef har eit nært samarbeid med konsulentar, fagpersonell i andre kommunar gjennom m.a. nettverkesmøter på IT-sjef nivå. Kommunen er også representert i interkommunale prosjekt, t.d. innan velferdsteknologi.

.

Serviceorg

Målsetjinga for servicetorget er at brukarane skal oppleve at dei vert godt mottatt og at dei får god informasjon om kommunale tenester og / eller hjelp til å få kontakt med rett saksbehandlar i kommunen.

Dei ordinære oppgåvene for servicetorget er sentralbord/skranke, postmottak og postfordeling, arkivansvar og enkelte interne fellesfunksjonar til dømes innkjøp av kontorrekvisita, reisebestilling, booking av møterom og liknande.

Overgangen til bruk av iPad i staden for papirdokumenter i dei politiske fora har effektivisert utsending av saksdokument.

Servicetorget utfører og enkelte oppgaver for seksjonane og har i tillegg eit særleg ansvar når det gjeld generell info på kommunen si heimeside. Avtalen med likningsetaten fortsetter, og kommunen får kr. 25.000 for å utføra ein del 1.linje tenester.

Ein har i 2015 starta opp med revisjon av arkivplan og postrutinar i nært samarbeid med IKA (Interkommunalt Arkiv). Målet er å få organisert sak/arkiv slik at vi kan gå over frå papirarkiv til fullelektronisk arkiv. Deloitte gjennomførte også ein forvaltningsrevisjon av post/arkiv rutinane, og også her fekk ein avdekka ein del svakheter som vil bli retta opp.

Personalfunksjonen

Kommunen har ein felles ressurs for kompetanseheving som vert fordelt etter behov. I 2015 hadde ein kr. 200.000 til dette formålet.

Kommunen arrangerer årleg ein felles julelunsj for alle tilsette og på dette arrangementet vert det også utdelt gratiale for tilsette med 15 eller 25 års teneste. Ved årsskiftet hadde kommunen 24 tilsette med 25 eller fleire års teneste og 20 tilsette med 15 -24 år. Tilbakemeldingane er et dette arrangementet er svært positivt.

Kommunen har nå tatt i bruk elektronisk søknadsportal for ledige stillingar. Dette fungerer veldig bra og er ressursbesparande for saksbehandlarane. Det er funn integrasjonen mellom personalsystemet og sak/arkiv systemet.

Folkehelse

Hovudfokus for folkehelsearbeidet i Bokn kommune i 2015 har, med utgangspunkt i den vedtatte Handlingsplan for folkehelse 2015, vore;

- vidareføring av allereie vel etablerte tiltak som Gla`trim, Tell Tur lokalt, ulike skilt – prosjekt (ref. tilrettelegging for auka fysisk aktivitet), Haugaland Folkehelseforum, Partnerskap for folkehelse Rogaland Fylkeskommune m.fl
- kontinuerleg generell kompetanseheving i dei ulike sektorane med utgangspunkt i behov knytt til implementering av ulike tiltak (eks. Motiverande Intervju kurs i forbindelse med realisering av frisklivsentral, kurs i kartleggingsmetode for universell utforming i forbindelse med intensivert fokus på UU lokalt, deltaking på kurs: «De sykt flinke» (psykisk helse – jenter, prestasjonspress og stress)
- vidareutvikling av system og strategiar for tverrfaglege interne (administrative) og eksterne (frivillig sektor og andre) folkehelsesamarbeid
- realisering av frisklivsentral med dertilhøyrande utarbeidelse av folder, nødvendig kompetanseheving samt gjennomføring av bl.a Bra mat kurs
- gjennomføring av prosjektet: Universell utforming i eit informasjonsteknologisk perspektiv (prosjektmidlar frå Kommunal og Moderniseringsdepartementet) med dertilhøyrande presentasjon av prosjektet under UU – dagene på Fornebu i desember 2015
- ferdigstilling av arbeidet med oversiktsdokumentet
- oppfølging av sjølvmeldingstilsyn initiert av Fylkesmannen i Rogaland
- etablering/implementering av AV og TIL – kommune i samarbeid med kommunane Tysvær og Sveio
-og mykje meir av typen «Ad Hoc».....; tiltak som like fullt verkar inn på helsa til folk....

Det vart for 2015 bevilga like mykje fylkeskommunale midlar som i 2014 (102 000,- RogFK).

Vi noterer oss at Rogaland Fylkeskommune i 2016 opprettheld sitt flotte bidrag til folkehelsearbeidet i kommunane i Rogaland. Det gjev ein kjærkomen motivasjon til å gjere vår beste innsats for om mogleg å implementere «helse i alt».

Teneste 1202 Økonomitenester

Økonomi.

Dei ordinære oppgåvene innafor økonomi er budsjettering, økonomistyring, kommunal bokføring, mottak/scanning av inngåande faktura, utgåande fakturering og lønn. I tillegg har avdelinga fokus på at vi kan utføre tenester for seksjonane på områder kor det er behov for fagkompetanse innan økonomi- / personal, og har også overtatt ein del oppgåver som effektiviserer og kvalitetssikrar saksbehandlinga.

Alle kommunar skulle innan 1. juli 2012 kunne sende og ta imot elektronisk faktura, og det er nå i funksjon. Ennå kjem dei fleste fakturaene på papir, men etter kvart vonar vi at dei aller fleste av leverandørane våre vil sende elektronisk faktura. Bokn har starta opp med eHandel i løpet av 2014, men ein har fortsatt mange leverandørar som ikkje har starta opp med å levere kataloger som vi kan hente via eHandel plattformen. Ihht budsjettet skulle ein foreta ny eigedomstaksering for verk og bruk. Dette har ein ikkje fått gjort fordi dei takseringsmennene som vart førespurt ikkje hadde kapasitet.

Skatteoppkrevjarkontoret:

Haugesund kemnerkontor overtok frå 1. juni 2015 skatteoppkrevjarfunksjonen for Bokn kommune. I 2014 blei det innfordra 79,5 mill. kroner i skatter og avgifter. Ei auke i skatteinngangen på 3,7% i forhold til 2013. Kommunen sin andel av dette utgjorde ca. 19,7 mill. kroner.

Innfordringa og restansesituasjonen er fortsatt tilfredsstillande med uteståande krav på ca kr.691.000 ved årsskiftet

Bokn kommune deltar Haugaland interkommunale Arbeidsgivarkontroll saman med 9 andre kommunar. Det er gjennomført 2 arbeidsgivarkontroll i 2014.

Innkjøpsamarbeidet på Haugalandet

Innkjøpsamarbeidet på Haugalandet fungerer slik at Haugesund og Karmøy har saksbehandlarar som utfører alt arbeid med vurdering av grenseverdiar og utlysning av anbod i Norge eller EØS-området. Vi andre kommunane i samarbeidet kjem med i arbeidet når vi skal vurdere dei innkomne tilboda og foreta eit val av leverandør. Bokn kommune er med på 34 felles avtalar.

Teneste 1203 – HMS / arbeidsmiljø

Sjukefråveret i kommunen har store endringar frå år til år.

År	Dagsverk	fråver i %
2008	741	4%
2009	1640	8,1%
2010	1273	6,3%
2011	1040	5,3%
2012	1239	6%
2013	1381	6,5%
2014	1598	7,1%

Kommunen har ein avtale om inkluderande arbeidsliv (IA) som betyr at vi forpliktar oss til å ha ei tett oppfølging av dei sjukemeldte og tilrettelegging av arbeidet slik at dei kan fortsette i jobben. . I 2014 vart det starta opp eit arbeid med å «styrke jobbnærver», dette arbeidet vil videreføres i 2015. Den enkelte seksjon har kommentert sitt fråvær nærare.

Arbeidsmiljøutvalet.

AMU har hatt 4 møter i 2015.

Administrasjonen v/ Ingunn Toft har hatt leiarfunksjonen i denne perioden. Sekretær er som tidlegare Solrunn Alvestad. SOS-international deltar på alle AMU møter og i tillegg deltar vår IA kontakt på 2 av møtene, eit på våren og eit på hausten.

Kommunen har 4 verneområder; skulen, barnehagen, administrasjonen/teknisk og sjukestova/helse. Alle verneombod og medlemmer av AMU skal ha gjennomført 40 t grunnkurs i HMS. Dei har også kvart år tilbod om å delta på HMS konferanse for nyttig informasjon og inspirasjon.

SOS-international er ein aktiv medspelar i HMS arbeidet SOS-international, arbeidsgivar og tillitsvalde har årleg 2 møter for å utarbeide konkrete samhandlingsplanar for de enkelte arbeidsstad og oppfølging av desse.

Ingen saker har blitt tatt opp med Akan-kontakten i året som gjekk.

Teneste 1800 - Beredskap.

Kommunen hadde tilsyn hausten 2014. Vi fekk avvik på overordna ROS, noko som har ført til at kommunen i samarbeid med ulike eksterne aktørar (politi, brann, næringsliv etc) starta arbeidet med ny overordna risiko og sårbarhetsanalyse. Overordna ROS og overordna beredskapsplan blei ferdigstilt og oversendt Fylkesmannen våren 2016 vil no bli lagt fram for kommunestyret til endeleg godkjenning.

I 2015 har kommunen deltatt som observatør på øvelse i forbindelse med landleidningsnettet for gass.

Teneste 2420 Sosial rådgivning og veiledning / NAV og

Ressursbruk; (heile 1000)

Driftsresultat	Rekneskap 2015	Budsjett 2015	Rekneskap 2014	Avvik frå Budsjett 2015
Brutto utgifter	1.173	1.082	1.113	-91
Brutto inntekter	0	0	0	0
Netto utgift	1.173	1.082	1.113	-91

Tenesta omfattar eit partnerskap mellom stat og kommune. 175 % stilling er statleg finansiert mens 70 % er kommunalt finansiert.

Kommunen og staten er likeverdige samarbeidspartnar som aktivt skal bidra til å skapa eit godt arbeidsfellesskap. Saman skal partane skapa eit vel fungerande arbeids- og velferds kontor som fram står som ei eining for brukarane.

Føremålet med tenesta er, i samsvar med måla i arbeids- og velferdsforvaltningslova og rammeavtale om arbeids- og velferdsforvaltning mellom Arbeids- og inkluderingsdepartementet og KS, i fellesskap å arbeide for:

- å få fleire i arbeid og aktivitet og færre på stønad
- enklare og vere tilpassa brukaren sine behov
- ein heilskapleg og effektiv arbeids- og velferdsforvaltning

Tenesta omfattar kurativ sosial omsorg og sosial rådgjeving når det gjeld å fremja sosial og økonomisk tryggleik, betre levekåra for vanskelegstilte og førebyggja sosiale problem. Denne gruppa treng rådgjeving og praktisk rettleiing og bistand til å søkja m.a. arbeid, trygd, utdanning og bustad.

Arbeidsledigheten totalt pr. mars 2016 er på 3,4%, mens den for unge 16 – 29 år bare er 2,0%.

Bokn sine utgifter til sosialtenesten; Kostra-tal

	Netto dr.utg. sosialtenesten pr. innbyggjar		Netto dr.utg råd, veiledning og førebygging		Netto dr.utg. øk. sosialhjelp pr. innbyggjar 20 - 66		Andel sos.hj.mot. i forhold til innbyggjarar 20 - 66	
	2015	2014	2015	2014	2015	2014	2015	2014
Bokn	1297	1280	1201	1256	1098	1008	3,5	3,3
Kostrå 5	1161	1243	1126	1356	891	792	4,0	4,0
Rogaland	1941	1815	973	910	1670	1521	3,9	3,9
Landet	1952	1906	1200	1181	1611	1564	4,2	4,1

Teneste 2440 / 2510 / 2520 Barnevern

Ressursbruk; (heile 1000)

Driftsresultat	Rekneskap 2015	Budsjett 2015	Rekneskap 2014	Avvik frå Budsjett 2015
Brutto utgifter	1.334	996	1.155	-338
Brutto inntekter	0	0	0	0
Netto utgift	1.334	996	1.155	-338

Frå den 01.01.14 vart Bokn med i eit interkommunalt samarbeid med Karmøy kommune.

Årsmeldinga frå Barnevernet vert lagt fram som eit vedlegg til årsmeldinga.

Teneste 3251 - Næring og landbruk

Haugaland Vekst IKS har fram til 1. januar 2015 vore Bokn kommune sitt næringsapparat. I tillegg har Haugaland Vekst IKS frå 1. januar 2014 vore interkommunalt regionalråd for alle kommunane på Haugalandet inkl. Suldal. Haugaland Vekst IKS skal fortsatt arbeide med nærings saker for dei kommunane som ynskjer dette, men vil ha hovudfokus på regionale saker og erstatte tidlegare Haugalandråd og Ordførar og rådmannskollegiet.

Næringsarbeidet er frå 2015 ivaretatt av ordførar, rådmann og Anne Askeland som no har stilling som samfunns- og utviklingssjef i Bokn kommune.

Landbrukstenesta er som tidlegare organisert med Tysvær som vertskommune der både Tysvær, Haugesund og Bokn no er tilknytt dette felles landbrukskontoret. Avtalen er vidareført ut 2016. Ein har ei fortløpande vurdering om avtalen skal vidareførast.

Som tidlegare år vart det i 2014 sett av midlar (kommunalt tilskott) til drift av Bokn Næringsforum og Destinasjon Haugesund og Haugalandet as. Det er utarbeidd service-erklæring for tenesta. Intensjonen og målsettinga i service-erklæringa vert lagt til grunn for kontakten mellom kommunen og næringslivet.

Næringsfondet blir etter 2014 ikkje tilført regionale midlar. I løpet av 1. halvår 2016 er midlane for ein stor del brukt opp. Dersom kommunen vil vidareføra ordninga med næringsfond, må det løyvast kommunale midlar til dette gjennom budsjettet for 2017. Det har i 2015/16 vore mange søknader til behandling. Formannskapet har gjort vedtak om begrensa tilskottet i forhold til den enkelte søkjar, slik at fleire kan få tilskott.

Teneste 3900, 3920 og 3930 - Kyrkja og andre religiøse formål

Kommunen har nå det heile økonomiske ansvaret for kyrkja. I rekneskapet for 2015 var overføringane til kyrkja og kyrkjegard totalt kr. 1.008.580.-. Av dette kjøper kyrkja økonomi/lønn- og vaktmester tenester frå kommunen for ca kr.103.000. Frå og med 2013 har ein i budsjettet vedtatt å setje av kr. 30.000,- årleg til kjøp av nytt orgel. Det vart ikkje utbetalt tilskot til andre religiøse formål.

Andre tenestar

Ca. 55% av sentraladministrasjonen sine kostnader gjeld driftsutgifter for seksjonane; bl.a. innkjøp av kontorrekvisita, post, forsikringar, felles data program/linjer, telefon og løn for dei driftstenestane som vert utført for andre.

Utviklinga framover

Vi vil vidareføre målet om at seksjonane skal prioritere tenesteproduksjonen og kontinuerleg vurdere om det er arbeidsoppgåver som kan samordnast og/eller effektiviserast ved at sentraladministrasjonen utfører desse, f.eks rapportering, personalsaksbehandling, økonomikontroll m.m . IKT planen for kommunen med oppgradering av program og nye web-baserte dataverktøy, vonar vi skal føre til betre dataflyt mellom seksjonane, og gi betre oversikt og tilgang på informasjon / styringsdata. Forvaltningsrevisjonen som blei gjennomført hausten 2015 peika også på at kommunen må få oppgradert kompetanse og system når det gjeld post- og saksbehandlingsrutinar.

Kommunestruktursaka er for alvor komme på sakskartet i 2015 og 2016. Bokn skal i løpet av våre ha ein rådjevande folkeavrøysting om ein skal fortsetta som eigen kommune eller slå seg saman med Tysvær. Forslag til nytt inntektssystem vil, dersom det blir vedtatt, føre til reduserte overføringar for Bokn allereie frå 2017. Dette kan få betydning for kva tenester Bokn kan gi, og på kva måte ein skal utføre tenestene på.

For Bokn vil det kunne vere aktuelt å utvide det omfattande samarbeidet ein ellereie har med dei andre kommunane på Haugalandet – både for å styrke utviklinga av regionen, men fyrst og fremst for å oppretthalda eit godt tenestetilbod til Boknarane.

RAMMEOMRÅDE 2 - SEKSJON KULTUR, SKULE OG BARNEHAGE

Innleiing

Organisering

Seksjonen er delt inn i fylgjande driftsområder:

Bokn kulturkontor, Bokn bygdemuseum og Bokn bygdablad

Barne- og ungdomsarbeidet med Petra ungdomsklubb og Artep kulturkafe

Bokn bibliotek

Bokn kultur- og musikkskule

Bokn barnehage

Bokn skule (1-10) med dei 4 avdelingane Barnesteget (1-7), ungdomssteget (8-10), Team Ekstra, og Skulefritidsordninga

Vaksenopplæring etter Opplæringslova (grunnskulenivå) og Introduksjonslova

PP-tenester etter Opplæringslova kjøpt frå Karmøy kommune

Reinhold (skule- og barnehagebygget) blir utført med tilsette i seksjonen



Ressursbruk:

Driftsresultat (heile 1000)	Rekneskap 2014	Budsjett 2015	Rekneskap 2015	Avvik frå budsjett 2015
Brutto utgifter	32 091	28 989	30 579	1 590
Brutto inntekter	-6 220	-4 909	-6 484	-1 575
Netto utgift	24 155	24 080	24 095	15

Merknader til driftsrekneskapen

Seksjonen har eit samla overforbruk på kr. 15 000,-.

Bokn skule har eit overforbruk på drøye 500 000,-, medan det på andre tenester særleg innafor barnehage og kultur er underforbruk. Overforbruk på skule skuldast i hovudsak høgt tal på tilsette første halvår av 2015. Høgt tal på tilsette skuldast i stor grad høg grad av spesialpedagogiskhjelp og styrkingstiltak, men dette vart vesentleg redusert frå hausten 2015. Det vart i 2014 gjennomført kartlegging av drift i skule og barnehage for å redusere kostnader. Det har vore fokus på førebyggjande sjukefråvær samt reduksjon i vikarbruk. Bokn barnehage har gjort gode grep i høve til å tilpasse drifta i høve til budsjett, medan det i skulen har vore trong for å gjere større organisatoriske grep. Størst effekt av effektiviseringstiltaka kom hausten 2015 og dette viste igjen i rekneskapet for året.

Bokn skule har redusert tal på elevar som mottar spesialpedagogisk hjelp etter Opplæringslova, frå 12,3% skuleåret 2014/2015 til 7,4% for skuleåret 2015/2016, medan det i barnehagen no er 0%. Det vert arbeid aktivt med å gi tilpassa opplæring innafor den ordinære undervisninga.

Driftsresultat fordelt på dei ulike tenestane i seksjonen:

Teneste	Driftsresultat 2015	Budsjett Netto utgifter	Rekneskap Netto utgifter	Avvik frå budsjett
2010	Barnehage	4328	4122	-207
2020	Bokn skule	14 519	15 065	545
2110	Styrking av barnehagetilbodet	417	205	-212
2130	Vaksenopplæring	-78	-98	-20
2150	Skulefritidsordning	449	445	-3
2210	Barnehagebygg	286	286	0
2220	Skulebygg	1 231	1 167	-63
2221	Bokn skule, skyss	350	257	-93
2230	Skuleskyss	0	-64	-64
2310	Aktivitetstilbod barn og unge	242	145	-97
2311	Kyrkjebygd aktivitetshus	20	63	43
3350	Parkar, plassar og torg	103	29	-74
3700	Bibliotek	641	645	4
3701	Skulebibliotek	0	15	15
3730	Kino	0	36	36
3750	Museum	25	7	-18
3770	Kunstformidling	10	6	-5
3800	Idrett	200	183	-17
3810	Kommunale idrettsbygg/anlegg	0	-13	-13
3830	Musikk og kulturskular	449	544	95
3850	Andre kulturaktivitetar	890	1026	136

Årsverk

Stillingar / årsverk	2010	2012	2013	2014	2015
Barnehagen	11,4	9,94	9,90	8,99	9,69
Barnehagen styrking	1,50	3,10	3,40	0,80	0,80
Skulen (utan refusjon)	20,4	20,4	20,4	24,52	21,78
Skulen (med refusjon)	5,00	3,5	3,0	3,0	2,0
Reinhald skule og b.hage	2,77	2,5	2,5	2,81	2,81
Biblioteket inkl skulebibl.	0,70	0,70	0,72	0,89	0,89
Musikk og kulturskulen	1,24	1,77	0,65	0,65	0,65
Barne/ungdomsarbeidar	0,75	0,5	0,5	0,5	0,5
Bygdabladet	0,50	0,5	0,5	0,5	0,5
Anna kulturarbeid	0,34	0,34	0,34	0,34	0,34
Sum stillingar/årsverk	44,6	43,2	42,9	43,0	39,96

Sjukefråvær:

Avdeling / år	2013	2014	2015
Barnehagen	7,2%	12,1%	10,6%
Skulen	8,2%	5,7%	3,3%
Totalt seksjon	8,5%	7,0%	5,1%

Sjukefråværet har vore høgt i barnehagen, men dette har hovudsakleg vore knytt til långtidsfråvær og er redusert til 10,6% i 2015 frå 12,1% i 2014. Skulen har hatt ein nedgong frå førre år, men har hatt utfordringar knytt til eigenmeld fråvær som har utløyst stor trong for vikar sjølv om sjukefråværet samla er relativt lågt. Seksjonen vil auke fokus på arbeid i høve til sjukefråvær og aktivt arbeid med tilrettelegging og søkje tilskot frå NAV når det er mogleg.

Aktivitetsoversyn:

Barnehagen	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Barn 0 – 3 år	24	21	17	25	9	7	9
Barn 4 – 5 år	20	24	33	20	35	31	24
Barn i alt per 15. desember	44	45	50	45	44	38	33
Barn med heil plass (46,5 t/v)	26	32	30	34	32	28	24
Barn med plass 4 vekedagar		2	5	4	5	6	7
Barn med plass 3 vekedagar	15	9	11	6	6	4	2
Barn med plass 2 vekedagar	3	2	4	1	1	0	0
Skulen							
Elevar på barnesteget, 1.–7.steg	90	94	89	86	82	84	86
Elevar på ungd.steget, 8.–10.steg	38	35	35	37	42	37	35
Skuleelevar 1.–10. steg	128	129	124	123	124	122	121
Barn i SFO 1.–4. steg	28	40	38	42	38	31	33
Musikk- og kulturskulen							
Elevtal piano / keyboard	15	14	16	17	15	15	15
Elevtal skulekorps / brass		7/12				13/13	11/15
Aspirantar til korpset		9				6	16
Elevtal gitar	(31)	32	23	18	7	0	0
Andre kunst (kor)		14	16	17	16	15	16
Trommer				7	6	1	0

Bygdabladet for Bokn	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Utgåver / samla sidetal for året	240	264	244	216	264	300
Abonnentar i Bokn	287	267	270	269	265	254
Abonnentar utanfor Bokn	281	272	268	269	269	258
Abonnentar i alt	568	548	538	538	534	512
Bygdekino						
Filmar	35	41	33	33	33	42
Publikum	943	1277	888	863	801	765
Barne- og ungdomsarb.						
Julemiddag (ungd.sk. + v.g.sk.)	49		39	38	30	21
Museet						
Besøkande	87	18	0	90	92	154
Biblioteket						
Utlån	13 103	12 797	11 033	9 194	10 366	10 700
Utlån per innbyggjar	15,8	15,28	13,14	10,54	6,4	6,7

Resultatvurdering

Endringar i organisasjonen

PPT-avtalen med Tysvær vart avslutta 31.12.14 og 01.01.16 vart samarbeidet med PPT-Karmøy starta. Samarbeidet har vore svært godt og gjeve positive resultat med omsyn til å auke fokus på tilpassa opplæring innafør den ordinære undervisninga.

Frå 01.01.16 vart Seksjonssjef for rammeområdet 2 organisert med Kommunalsjef for rammeområdet 2 og 3. Det har elles ikkje vore andre vesentlege endringar i organisasjonen.

Teneste 2010 Bokn barnehage

Barnehageåret 2015 har vore eit flott og lærerikt år i Bokn barnehage. Barnehagen er godt i gang med å implementera den nye pedagogiske plattformen, og heile personalet vart kursa i «være saman» programmet på interkommunal plandag. Erfaringane er at felles kursing gjer best resultat når ein skal sette nye metodar ut i praksis.

Barnetalet har gått noko ned i år, og det har vore eit noko høgt stillingstal. Dette har igjen ført til lite vikarbruk, og auka fokus på tidleg innsats. Lågt barnetal gjorde at tal på avdelingar vart redusert frå 3 til 2 for å effektivisera drifta.

Barnehagen har gjennom året utforska naturen gjennom utelivsveker både vår og haust, og har hatt årleg besøk i saue-fjøs på øya (Lamminga). Barna vert delt i grupper etter alder, og går på korte, lange og morosame turar med utforsking med naturen som mål. Tilgang til kommunebussen gjer at dei største barna no tek nokre lengre og meir utfordrande turar. Når det gjeld direkte arbeid med barna arbeidar barnehagen mykje med ulike prosjekt. Då tek ein omsyn til barnas eigne interesser og forslag.

Barnehagen har samarbeida gjennom året med PPT i Karmøy, og barnevernet i Haugesund og Karmøy. Barnehagen har hatt fleire barn med minoritets- språkleg bakgrunn, og det har og vært arbeida generelt i høve til styrking av språk. Skulen har saman med barnehagen eit godt samarbeid om førskulebarna, og har eit særleg fokus på overgang til skulen.

Teneste 2020 Bokn skule

2015 blei eit innhaldsrikt år for Bokn skule. Det har blitt jobba systematisk med utviklingsarbeid for at skulen skal bli endå betre, og for at skulen skal gi elevane ein best mogleg undervising tilpassa evner og føresetnader hos den enkelte. Hausten 2015 hadde skulen nasjonalt tilsyn frå Fylkesmannen. Tilsynet var retta mot elevane sitt utbytte av opplæringa og forvaltningskompetanse. Våren 2015 blei det systematisk jobba med å innarbeida og implementera rutinar som sikrar dette, og når rapporten frå Fylkesmannen kom i desember 2015 viste den at mykje var på plass.

Bokn skule har eit mål om å vera ein kulturell møteplass forankra i vår lokale og nasjonale kulturarv og tradisjonar. Skulen skal og fremja og gi innsikt i kulturell mangfald, visa respekt for den enkelte, fremja demokrati og likestilling. I året som har gått har skulen difor hatt fleire besøk frå den kulturelle skulesekken mellom anna forfattarbesøk, teater og ulike musikkgrupper. Våren 2015 hadde skulen også MOT-konsert for dei eldste elevane. Då fekk skulen besøk av MOT-gjengen med blant andre Chand (tidlegare vinnar av X-faktor). Konserten blei forsterka av lokale aktørar (elevar) som bidrog både musikalsk og som konferansierar. Å vera MOT-skule inneber at skulen kontinuerlig jobbar med å skapa gode haldingar hos elevane når det gjeld å ta eigne val, fremja solidaritet, kulturelt mangfald, respekt o.l.

2015 har også vore eit år der skulen har hatt utfordringar når det gjeld sjukefråvær. I tillegg har skulen vore igjennom ein effektivisering på personalsida for å få betre samsvar mellom elevtalet og tal på tilsette. Dette har ført til at det i 2015 har vore eit større behov for

ringevikarar når folk har vore borte. Det nye digitale timeplansystemet, Min timeplan som skulen tok i bruk i 2014, gir til ein kvar tid god oversikt over ressursbruken i personalet.

Bokn skule har fokus på samarbeid både med foreldra og andre ulike einingar og etatar i kommunen og utanfor kommunen når det gjeld oppfølging og utvikling av elevar på skulen. Helse Fonna, Karmøy PPT, Bokn Bufellesskap og Sætre gard har vore slike eksterne samarbeidspartar som har fungert godt i høve til enkeltelevar og føresette.

Eit av hovudprosjekta skulen har hatt i 2015 har vore Ungdomstrinn i utvikling (UiU). Sidan Bokn skule er ein 1 til 10 skule vart det valt å ta alle trinna med på satsinga. UiU er ei nasjonal satsing der hensikta er at leiinga saman med dei tilsette skal utvikla prosessar på eigen arbeidsplass. Målet er å utvikla samla kunnskap, haldingar og ferdigheiter når det gjeld læring, undervisning og samarbeid. Dette er eit utviklingsprosjekt som skulen starta med i 2015, men som vil halda fram inn i 2016. På Bokn skule har ein valt særskilt å ha eit fokus på samarbeid, delingskultur og lesing.

Teneste 2130 Vaksenopplæring

Det har i 2015 vore lågare aktivitet ved vaksenopplæringa enn tidlegare. Det har vore 1 gruppe som har hatt 2 dagar med undervisning, medan det i 2014 var 2 grupper. Då berre nokre få elevar gjev refusjonsgrunnlag frå staten som fylgje av at dei har rett på undervisning, vart tilskotet kraftigt redusert frå 2014 og det har vore tilsvarende lågt for 2015.

Teneste 2150 Skulefritidsordninga

SFO flytta i 2013 inn i nye og meir funksjonelle lokalar som har gjeve mindre logistikkutfordringar i det daglege kor dei tidlegare nytta eksisterande klasserom. Mange barn på skulen nyttar SFO, og tilbakemeldingar på tilbodet er gode.

Teneste 2210 og 2220 Reinhald i barnehagen og skulebygget

Det er 3 reinhaldarar i 77 % stilling knytt til skulebygget, medan det i barnehagen er det ein reinhaldar i 50 %.

Teneste 2210 og 2220 Barnehagebygget og skulebygget

Branntryggleiken i barnehage- og skulebygg i opningstida er tilfredsstillande, og barnehagen og skulen er gode på å få alle raskt ut når alarmen går. Det er den høgast prioriterte oppgåva. I 2015 vart brannanlegget oppgradert etter ein vinter prega av stormar og øydeleggingar.

Teneste 2221 Skuleskyss (vanleg skuleskyss og skyss til symjeopplæringa)

Skyssordninga frå førre skuleår er vidareført for 2015/ 2016. Ordninga fungerer tilfredstillande i høve til det praktiske, men skulen har måtte sette inn tiltak i høve miljømessige utfordringar under skyssen. Det har i periodar vore miljøterapeut med busen for å sikre at barne har eit tilfredstillande psykososialt miljø.

Teneste 3700 bibliotek

Folkebiblioteka har som oppgåve å fremme opplysning, utdanning og anna kulturell verksemd, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon til innbyggjarane. Det skal leggast vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet. Biblioteket er eit kombinasjonsbibliotek og så og skulebibliotek. Biblioteksjefen er ansvarlig for Den Kulturelle Skulesekken og Den kulturelle Spaserstokken og skal leggja til rette for gode kulturopplevingar for innbyggjarane.

Aktivitetar 2015

Månad	Arrangement		Målgruppe	Ansvarlig
Januar	Ole Bull på Lysøen	Nils Økland, Mari Lyssand, Sigbjørn Apeland	Ungdomsskulen/ ope for alle	DKS/Biblioteket
Febr.	Leseprojekt Skatteviste viser	Julie Willumsen og Dagfinn H.Hovind	Mellomtrinn Barnehagen/ småskulen	Skule/bibliotek DKS/Folkeakademiet/ bibliotek
Mars	Forfatterbesøk / Skrivekurs Fra ønske- Konsertens Glanstid	Bente Bratlund Viseduoen Par i hjerter	Mellomtrinn/ Ungdomsskulen Sjukestove/ boligar/ vaksne	Skule/bibliotek Folkeakademiet/ sjukestova/biblioteket
April	Markering av verdas bokdag	Roser og bøker	Alle	Biblioteket
Mai	Bibliotek med kaffi og noko attåt Mattedag	Song av småskulen	Dagsenteret Småskulen/ mellomtrinn	Dagsenter/ Bibliotek Skule/bibliotek
August	Oppstart Bibliotekkafe`	Kaffi og Kaker på biblioteket	Vaksne	Helse/biblioteket

Sept.	Heile Rogaland les; «Sov søtt herr Spiss»	Utdeling av bøker i barnehagen / biblioteket	Barnehagen/ Småskulen	Biblioteket/ Rogaland fylkesbibliotek
	Livet og leken	Nina Næsheim/ Bjørn Kallevik	Sjukestove/ boligar/ voksne	Folkeakademiet/ sjukestova/biblioteket
	E det`kje rart	Nina Næsheim/ Bjørn Kallevik	Barnehagen/ småskulen	DKS/Folkeakademiet/ biblioteket
Okt.	Bamsedag	Høgtlesing Boller og saft	Barn 3 – 5 år	Biblioteket
	Bamse-ein bra kar	Askeladden Friteater	Barnehagen/ Småskulen	DKS/Folkeakademiet/ biblioteket
	Verdens flykninge-situasjon	Ingunn Notøy og Flykninge-hjelpen	7. – 10.klasse	DKS/Folkeakademiet/ biblioteket
	Vest afrikansk musikk og rytmer	Diom De Kossa	Mellomtrinn/ Ungdomsskulen	DKS/Folkeakademiet/ biblioteket
	Konsert	Tom Roger Aadland	Mellomtrinn/ ungdomsskulen	Kulturkontoret/ biblioteket
Nov.	Møte med illustratør til «Hele Rogaland leser»	Inger Lise Belsvik	Barnehagen/ Småskulen	DKS/Folkeakademiet/ biblioteket
Des.	«Den vesle bygda som glemte det var jul»	Jule-forestilling	Barnehage, sjukestove, boligar, andre	Folkeakademiet/ Sjukestova/ Biblioteket
Heile året	Utdeling av bøker til 1 og 2 åringar	Helsestasjonen gir bøker til 1 åringane, 2 åringane får bok på biblioteket.		Helsestasjon/ Bibliotek
	Elevarbeider	Utstillingar av elevarbeider i faget kunst og handverk		Skulen/biblioteket

Skulebibliotek:

Biblioteket har eit stort utval av biletbøker og lettlesle bøker som blir brukte i leseopplæringa. Biblioteket samarbeider om lesestimuleringsprosjekt. Det er fokus på å rettleie elevar i å finne materiell i tema og prosjektarbeid.

Frå 2015 har biblioteket ope to dagar i veka der det kun er ope for skulen, måndagar og onsdagar. Desse dagane vert nytta til lesing som høgtlesing for grupper, stillelesing, leseopplæring, undervisning, lån av bøker. Kvar klasse i småskulen skal ha eit stort utval av bøker i klasserommet og byte dei ut jamleg. Biblioteket har som mål å skape leselyst og utvikle gode leseferdigheter.

Biblioteket har utstillingar av elevarbeid i faget kunst og handverk.

Den Kulturelle Skulesekken

Rektor for musikk/kulturskule og biblioteksjefen har eit samarbeid om innkjøp av kulturopplevingar i DKS i tillegg til dei arrangementa som fylkeskommunen sender ut.

Samarbeid med seksjon helse/Pleie og omsorg

Biblioteket har inngått eit samarbeid med Bu og Aktivitet om byting av bøker som er sett ut på venterom til lege, tannlege og Bokn sjukestove. Dette gir ei meningsfylt arbeidsoppgåve til personar med funksjonshemming då dei gjer ei viktig oppgåve for biblioteket.

Seksjon helse/Pleie og omsorg og biblioteket har eit samarbeid om å gi gode kulturtilbod til bebuarar på sjukestova og omsorgsbustader.

Frå august 2015 har biblioteket saman med seksjonen tysdagskafé med gratis kaffe og kake. I snitt har det vore rundt 12 besøkande på kafeen kvar veke.

Lag og foreningar

Biblioteksjefen er med på å legge til rette program for pensjonistforeninga slik at dei får eit variert program med gode kulturopplevingar. Lag og foreningar kan låne biblioteklokalet til møter o.l.

Transportordning

Biblioteka i Rogaland er med i ei nasjonal transportordning for bibliotek. Biblioteket får besøk to gonger i veka. Kvar måndag og onsdag får ein levert bøker som er bestilte, og sender attende bøker og andre media ein har lånt inn eller som er bestilte hjå oss av andre frå heile landet.

Teneste 2310 Aktivitetstilbod barn og unge, og teneste 2311 Kyrkjebygd aktivitetshus

Petra fritidsklubb

Brukarar er elevar i 8. – 10. kl., men ungdom frå vidaregåande deltar også. Barne- og ungdomsarbeidaren og Petrastyret har hatt nokre styremøter, men i løpet av ein periode var det mange som slutta i styret midt i halvåret. Det har vore klubbkveldar annakvar fredag, med gjennomsnittleg deltakartal på 17. Av og til blir kveldane spesielt godt tilrettelagde, som t.d. Halloween-feiring 30. oktober.

Julemiddagen i 2015 blei i kjellaren som førre året, med 21 ungdommar til stades; pinnekjøtt og ribbe med tilbehør, sjokoladekake og Dronning Maud-pudding.

2. etasje i Kyrkjebygd kulturhus har også i 2015 vore utleigd til selskap, men ikkje så mykje som tidligare.

Det blei også søkt om midlar (kr. 15.000) til biljardbord i kjellaren frå Frifond, Ungdom og Fritid, som vart innvilga.

Artep kulturkafé

Kafeen har ope onsdag ettermiddag og her er det ca 15 besøkande kvar gong. Det er fleire barn (6-14 år) enn vaksne/foreldre som nyttar tilbodet.

Petrastyret har også hatt ulike arrangement for elevar i barneskulealder utanom den vanlige kulturkafeen, som t.d. Halloween-feiring 28. oktober. I fjor var det 41 barn og fem foreldre til stades, i 2015 var det ny rekord, med 71 barn og 23 foreldre/føresette. Så det er ein suksess med temakveldar på Artep.

Teneste 3350 Parkar, plassar og torg

Velforeningane fekk kommunal støtte til ulike vedlikehaldsprosjekt av nærmiljøa sine.

Teneste 3730 Kino

Heilt sidan Bygdekinoen sin start i kommunen hausten 2003 har Bokn hatt svært høge kinobesøktal. Sjølv om talet for 2015 var det lågaste på fleire år, var det desidert det høgaste besøket for Bygdekinoen i Rogaland. Bokn (-4,5%) hadde også den minste tilbakegangen i fylket (-17,4%). Til samanlikning var tilbakegangen til Rennesøy på -52,3%. Eit gjennomsnittstal på 18 stk. på heile 42 filmar er framleis høgt og syner at det er et populært tilbod.

Teneste 3750 Museum

2015 var eit rekord år med besøk på musea,, noko som er svært gledeleg. Ulike opplegg i skule og barnehage av museumspedagog i Haugalandsmuseene samt Bokn historielag sin sundagsope-ordning i skulens sommarferie er grunnen til dette.

Dersom ungdomshuset på Håland frå 1908 skal halda fram med å vera museum, må huset gjennomgå eit omfattande vedlikehald slik at Bokn kommune kan forvalta museumslova på ein god måte.



Museet eig også Kårhuset på Laupland, der taket byrja å rasa, sannsynlegvis på slutten av 2015. Det spesielle med Laupland er at gården har bygningar frå tre århundrer. Dersom huset ikkje blir fiksa opp, mistar ein det som representerer 1700-talet, og Bokn bygdemuseum blir ein stor museumsgjenstand fattigare. Arbeidet me å gjera huset i stand vil iflg. leiinga i Haugalandmuseene AS kosta om lag 1 mill. kr.

Teneste 3770 Kunstformidling

Det gode resultatet frå 2014 blei styrka i 2015, og biblioteksjefens ressursauke dei siste åra har ført til gode rutiner og organisering av kunstformidling, spesielt av besøkande kulturtiltak gjennom året. Biblioteksjefen, som har eit godt samarbeid med kulturskulerektor, er også kommunens kontaktperson for Den kulturelle skolesekken og Den kulturelle spaserstokken. Kultursjefen var også involvert i enkelte arrangement.



Besøk av Tom Roger Aadland hadde skulekonsert og open kveldskonsert på same dag.

Teneste 3850 Andre kulturaktivitetar

Det stabile abonnentalet til Bokn Bygdablad dei tre siste åra, fortel både at bladet er viktig for over 530 husstandar, institusjonar og andre abonnentar, og er eit bevis på at lokalt nytt og -informasjon ikkje er blant taparane i det digitale nyhetssamfunnet.

150.000 i kulturmidlar blei utdelte. Aktivitetar for barn og unge, musikk og idrett med vekt på aktivitetsnivå, medlemstal og årlege utgifter prioriterte.

Gatebilklubben, Speidarane og Musikkorpset fekk det dei søkte om. Båtforeningen, Røde Kors og Skyttarlaget fekk det same som i fjor. Bedehuset, Historielaget, Mållaget og Pensjonistforeningen fekk ei auke i støtta si. Bokn idrettslag fekk ein støttereduksjon. Sykkelklubben fekk oppstartsmidlar.

§ 7 - støtte til eit spesielt tiltak:

Midlane gjekk til Bokn båtforening: Gjestehamn/allmenning, moloen i Hålandssjøen.

Bygdebokarbeidet

Manuset blei ferdig i 2005. På slutten av året var fokuset på bildene. Det blei selt gåvebrev som blei brukte til julepresangar. Bøkene skal vera ferdig trykte til påska 2016.

Utviklinga framover

I barnehagen har kommunen god bemanning både når det gjeld barnehagelærarar og assistentar med fagbrev. Framtida ser og lys ut då fleire tek utdanning på deltid mens dei arbeidar i Bokn barnehage. Skulen har etter kartlegging av behov for ressursar redusert tal på lærarar. Dette gir mindre fleksibilitet i høve til vikarbehov etc og er viktig at skulen har gode system for.

Når det gjeld barn som treng spesialpedagogisk hjelp/ undervisning i barnehage/ skule ligg Bokn vesentleg lågare nå enn tidlegare, og dette er ei utvikling som Bokn skule vil tilstreba å følgje opp. I Bokn barnhage har no ingen barn med vedtak om spesialpedagogisk hjelp medan 7,3% i Bokn skule har vedtak. Seksjonen vil arbeide systematisk med å vurdere om det er mogleg å gje tilpassa opplæring innafor det ordinære tilbodet, mellom anna ved aktiv deltaking i Haugalandsløftet. Det vart i 2014 utarbeida ein overordna plan for kommunens mål i prosjektperioden som går til 2017, med mål om reduksjon i andel spesialpedagogisk hjelp ved mellom anna å auke kompetanse blant personalet i skulen og barnehagen.

Alle seksjonane starta i 2015 eit nærværsprosjekt som har som mål om å auke nærværet. Prosjektet held fram i 2016.

RAMMEOMRÅDE 3 – SEKSJON HELSE OG PLEIE OG OMSORG

Innleiing

Organisering

Seksjonen er inndelt i fylgjande driftsområde:

Planlegging og utviklingsarbeid, støtte til driftsområda -
Førebyggjande arbeid, skule- og helsestasjonstenester
Aktivering eldre og funksjonshemma
Diagnose, behandling og rehabilitering
Pleie og omsorg, hjelp i institusjon og hjelp i heimane -
Psykisk helsearbeid

Ressursbruk

Driftsresultat (i heile 1000)	Regnskap 2014	Budsjett 2015	Rekneskap 2015	Avvik frå budsjett 2015
Brutto utgifter	30 756	25 733	26 655	921
Brutto inntekter	-5 587	-4 579	-4 346	233
Netto utgift	25 168	21 154	22 309	1 154

Merknader til driftsrekneskapen

Seksjonen har eit samla overforbruk på kr.1 154 000,-.

Seksjonen hadde i 2014 vesentleg høgare inntekt grunna høgare refusjon for ressurskrevjande brukarar enn budsjettert. Dette var venta å bli vesentleg lågare for 2015, og seksjonen har såleis eit overforbruk. I sjukestova og heimetenesta har det vore høgare utgifter enn budsjettert, og nye pasientar i løpet av året har ført til auka trong for tilsette.

Aktivitetsoversyn pr år

Tabellen under viser aktivitetane i dei ulike tenestane frå 2010 – 2015.

Aktivitet / tenester	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Bebuar i sjukeh.døgnopph.	19	20	20	22	17	88
Antal døgnopphold i sjukeh.	3275	3040	2922	3739	4490	4379
Antal dagopph.i sjukeh.		66	72	24	299	88
Beleggsprosent døgnopph.	81,57	75,72	72,58	93,13	111,83	107,50
Antal mottakarar av praktisk bistand i heimen	19	17	19	22	19	16
Brukarar av psyk. Helsevern – over 18 år	19	26	22	24	22	31
Brukarar av psyk. Helsevern – barn og unge	0	3	3	12	17	26
Middagsutlevering	2142	1882	1868	1626	2549	2953
Dagsenteropphald	334	390		360	374	413
Legekonsultasjonar	2116	2007	2316	2120	2173	2374
Fastlegetal for kommunelege	494	531	559	572	600	636
Krisesenteret	0	0	0	89	0	0
Avlastning / besøksheim	2	3	2	2	3	3
Støttekontakt	8	10	8	10	11	6

Fordeling av årsverk:

Teneste	2010	2011	2012	2013	2014	2015
2320 – Helsestasjon/jordmor	0,8	0,8	0,8	0,8	0,8	0,8
2330 – Førebyggjande arbeid	0,3	0,3	0,3	0,3	0,3	0,3
2340 – Aktivisering eldre og funksjonshemma	5,46	5,46	5,91	5,91	5,91	5,91
2410 – Legekontor	1,6	1,6	1,6	1,6	1,6	1,6
Fysioterapi	0,6	0,6	0,75	0,75	0,75	0,75
2530 – Sjukestova	9,72	9,72	9,72	11,87	14,29	17,24
2540 – Hjelp i heimen	3,68	3,68	3,68	3,68	3,68	3,68
2540 – Psyk.spl.teneste	1,1	1,1	1,1	1,5	1,5	1,5
2340 - Støttekontakt/avlast/oms.løn	1,8	1,3	1,3	1,3	1,3	1,3
Sum årsverk	26,86	26,56	27,16	29,71	30,1	33,08

Sjukefråver

I 2013 var det et lågt sjukefråver med 5,3 for seksjonen. For 2014 var det samla sjukefråværet 8,9%, medan det for 2015 var 8,2. Det vert arbeidd aktivt for å kartlegge årsaker og sette inn tiltak for å redusere sjukefråværet.

Driftsresultat fordelt på dei ulike tenestene i seksjonen:

Teneste	Driftsresultat 2015	Budsjett Netto utgifter	Rekneskap Netto utgifter	Avvik frå budsjett
2320	Førebuing - skule og helsestasjon	728	528	-201
2330	Førebyggjande arbeid	824	827	3
2340	Aktivering av eldre og funksjonshemma	3 070	2 990	-80
2410	Diagnose, behandling, rehabilitering	2 112	1 711	-401
2530	Pleie omsorg, hjelp i institusjon	9 956	12.228	-2 272
2540	Pleie omsorg, hjelp i heimen	3 952	3 370	-582
2610	Sjukestova	462	406	-56

I Pleie og omsorg har det vore eit travelt år, og det har i løpet av 2015 vore ei auke i etterspørsel av dei ulike tenestene:

Tjeneste	2012	2013	2014	2015
Trygghetsalarm	4	3	4	4
Langtidsplass	1	3	1	4
Korttidsplass	12	16	7	18
Middagsombringning	5	7	7	16
Heimesjukepleie	10	19	15	35
Praktisk bistand/opplæring (heimehjelp)	4	8	12	19
Tekniske hjelpemidler		1	12	25
Avlastningsopphold	2	3	1	2
Omsorgsbolig	1	2	3	4
Dagopphold		1	3	2
Vekselsplass	1			0
Dagsenter			8	13
Totalt behandla vedtak, nye og reviderte vedtak	40*	66*	71*	184

*For 2012, 2013 og 2014 er dette tall på nye søknadar. I kolonne for 2015 viser talet totalt behandla vedtak, både nye og reviderte.

Resultatvurdering

Endringar i organisasjonen:

Frå 2015 vart Seksjonssjef for rammeområda 2 og 3 organisert i ein stilling, Kommunalsjef tenester med ansvar for Pleie og Omsorg, Helse, kultur, skule og barnehage.

Teneste 2320 Førebuing, skule og helsestasjon

Helsestasjon for barn, skulehelsetenesta og helsestasjon for ungdom er eit lovpålagt helsetilbod til alle barn og unge 0-20 år, og til gravide som går til svangerskapskontroll i tilknytning til helsestasjon. Helsestasjons- og skulehelsetenesta skal være lett tilgjengelig og gratis.

Helsestasjons- og skulehelsetenesta har eit friskfokus og skal vektleggje ressursar som fremmar helse og positiv utvikling hos barn, unge og familiar. Tenesta arbeidar førebyggjande og har fokus på tidlig intervensjon. Tenesta følgjer barn og deira familiar med helseopplysning, rettleiing, standardiserte undersøkingar, vaksinar og anna målretta oppfølging på faste tidspunkt. Oppfølginga skal omfatte barnet si fysiske og psykososiale utvikling og bidra til gode oppvekstvilkår. I tillegg skal tenestene fange opp risikofaktorar, problem og skeivutvikling, samt sette inn nødvendige førebyggjande tiltak.

Helsestasjon- og skulehelsetenesta

I 2015 vart det født 14 barn i Bokn kommune.

Helsestasjonen arbeider utifrå nasjonale retningslinjer «Veileder til forskrift av 3 april 2003 nr.450. IS-1154” Utgitt av Sosial- og helsedirektoratet». Det går greitt å gjennomføre anbefalte konsultasjonar for kvart alderstrinn. Helsestasjonen er pr. definisjon eit universelt førebyggjande tiltak, med heimebesøk, grupper og nettverksbygging som generelle eksempel på tiltak og metodar.

Vaksinedekninga i kommunen har gått noko ned sidan i fjor og er nå på 88%.

Helsesøster samarbeider tett med skulen om elevar som treng ekstra oppfølging. Dette kan vere barn med angstproblematikk, som strever sosialt, mobbing, barn som opplever samlivsbrot mellom foreldre, overvekt og spiseforstyrningar.

Hausten 2015 hadde helsesøster permisjon frå sin stilling i Bokn kommune grunna eit engasjement for NSF som helsesøster i Tanzania. Drifta på helsestasjon/ skulehelsetenesta vart godt ivareteke av jordmor/ lege/ sosialrådgivar på skulen i desse tre månadene, sjølv om det ikkje var optimalt å vere utan helsesøster.

Teneste 2330 Førebyggjande arbeid

Eining for helsefremjande og førebyggjande arbeid skal yte gode tenester til innbyggjarar i alle aldersgrupper. Tenesta samarbeider godt og periodevis tett med både interne og eksterne aktørar for å gje den enkelte brukar eit heilskapleg tenestetilbod. Tenesta har

fokus på opplysning, råd og rettleiing til brukerane både i høve til sin spesialkompetanse og innan grunnleggjande behov som ernæring, fysisk aktivitet og søvn. Tenesta er lett tilgjengelige og har kort ventetid.

Eininga starta i 2015 opp nærværprosjekt der det er fokus på faktorane som gjer at ein trives på jobb. Det vert lagt til rette for at arbeidstakerane kan delta på kurs og konferansar for fagleg oppdatering og nettverksbygging.

Teneste 2410 Legekontoret

Pr 31/12-15 hadde Bokn legekontor 636 pasientar. Dette er full liste, og er ei netto auke på 36 personar frå 2014.

Det har i 2015 vore markant auke i inntekter, meir markert enn auke i antal pasientar tilseier. Gjennomgang av enkelttakster viser noko fleire sjømanns og offshoreattestar, samt har endring i regelverk mogleggjort kombinasjonar av takster som ikkje var mogleg før. Kort oppsummert behandlar legekontoret fleire pasientar enn før og kvar pasient genererer høgare inntekter enn før.

Sjukestova

2015 har vore prega av høgt belegg og utfordringar knytt til enkeltpasientar. Sjukestova har tilsyn 2 gonger pr veke + ved behov som før. Ved behov har ein teke inn pasientar på sjukestova som treng enklare medisinsk behandling og tilsyn, dels etter utskriving frå sjukehus, dels etter vurdering av tilsynslege etter observert forverring av funksjon i heimen. ØH senger er kjøpt hos Haugesund kommune, men det har i 2015 ikkje vore i bruk. Dette i tråd med tidlegare vurderingar kring antatt behov. Lege opplever godt og nært samarbeid med sjukestova.

Helsestasjonen

Mange fødsler i 2015 har medført høgare aktivitet på helsestasjonen. Som før framifrå samarbeid med naudsynt fleksibilitet ved fråvær.

Kommuneoverlege

Brukt tid til utgreiing av framtidig legevaktstruktur, og slutføring av avtale med Haugesund legevakt kring mellombels legevaktordning. Delteke i implementering av nytt naudnett. Dialog med rådmann og folkehelsekoordinator kring det systematiske oversiktsarbeidet i kommunen etter at tilsyn viser manglar som vil vere viktig fokus framover.

Vidareutdanning

Lege i rute med spesialisering i allmenmedisin, og er venta ferdig medio 2016.

Legevakt

Bokn kommune avslutta samarbeidet med Tysvær og Sveio om felles legevakt i Aksdal i september 2015. Bokn kommune gjekk då inn i eit samarbeid med fleire kommunar om ei midlertidig legevaktsordning i Haugesund i påvente av utredning om mogleg felles legevakt for omliggande kommunar.

Ansvar 331 Kommunejordmor

Kommunejordmor er å treffe på Bokn annakvar måndag. Ho har hatt oppfølging med 6 gravide i 2015. Det var noko mindre kapasitet gjennom året enn vanleg, men tilbodet om svangerskapsomsorga vart ivareteke for alle som hadde trong for det.

Jordmor fullførte i vår etterutdanning i psykoterapi for gravide.

Ansvar 360 Fysioterapeut

I 2015 blei det utført 1845 polikliniske behandlingar, samt 25 timar med kommunalt arbeid. Etter at fysioterapitenesta flytta inn i nye lokalar i 2014 har dette fungert veldig godt både for pasientar og fysioterapeut. Fysioterapeuten har et godt samarbeid med de andre helsetenestene i kommunen.

Teneste 2340 Aktivisering eldre og funksjonshemma

Psykisk helseteneste hadde få brukarar som trong bistand for å ta del i sosial aktivitet i 2015. Desse hadde støttekontakt inntil 3 timar pr veke. Støttekontaktane har vore stabile over mange år. Aktivitetane er til dømes korte turar / bytur, kafébesøk og besøk hos slekt og vener.

Teneste 2540 Pleie, omsorg, hjelp i heimen

Målsettinga til tenesta er å gi innbyggjarane i Bokn gode tenester for å hindra og førebyggja psykisk sjukdom, og gi hjelp og støtte til dei som har psykiske lidningar. Tilbodet skal ha ein lav terskel, alle skal kunne ta direkte kontakt med oss. Ein tilstrebar og at tenesta skal vera synleg og godt kjent i kommunen.

Samarbeidspartar

Tenesta har eit godt samarbeid med fastlegen i kommunen. Han tilviser pasientar som han ser kan ha nytte av støttesamtalar, stiller i ansvarsgruppemøter og set av tid til å diskutere felles brukerar dersom det vert etterspurt. Ein ser også at fastlegar utanfor kommunen henviser til tenesta. Elles har tenesta godt og periodevis tett samarbeid med NAV Bokn, særleg dersom brukaren skal følgjast opp i arbeid / aktivitet. Etersom fleire av brukarane har hjelpebehov til ulike tider på døgnet, har tenesta eit godt samarbeid med den kommunale pleie – og omsorgstenesta. Tenesta har kontakt med eksterne samarbeidspartar i enkeltsaker etter behov. Dette året har det vore periodevis samarbeid med Haugaland DPS. Ein del av informasjonsflyten vert ivareteke av

elektroniske meldingar, men det vert og avtalt møter dersom dette er hensiktsmessig i høve til enkeltbrukaren.

Brukarrådet

Grunna utfordringar rundt rekruttering har det ikkje vore aktivitet i brukarrådet sidan april 2015.

Frisklivssentralen

Frisklivssentralen i Bokn opna i oktober 2015. Dagens helseutfordringar krev auka førebyggjande innsats. Frisklivssentralar er ei viktig kommunal førebyggjande helseteneste som tilbyr kunnskapsbasert og effektiv hjelp til å endre levevanar og meistre sjukdom og helseplager. Målgruppa er dei som har auka risiko for, eller som har utvikla sjukdom og treng oppfølging av helsepersonell. Målet er å styrke deltakerane si helse, livskvalitet og mestring av helseplager og sjukdom.

Alle frisklivssentralar skal som minimum ha tilbod om hjelp til auka fysisk aktivitet, sunnare kosthald og snus- og røykeslutt.

Aktivitet i 2015:

- Bra mat – kurs
- Torsdagstrim
- Aktivitets kafé
- Seniordans
- Web – basert løysing og individuell oppfølging på snus – og røykeslutt grunna lite befolkningsgrunnlag til å danne grupper.

Bokn har formelt samarbeid med Karmøy kommune om lærings – og mestringstilbod til personar med KOLS.

Hjelpemiddelformidling

Kommunen har over ei tid hatt vanskar med å rekruttere ergoterapeut i 20 % stilling til hjelpemiddelformidling, og tilbodet har difor i 2015 vore ivareteke av sjukepleiar i eininga. Tenesta vil i 2016 forsøke å rekruttere på ny. Kommunen har i tillegg syns – og hørselskontaktar som formidlar hjelpemiddel på dette området. Ein ser vekst i etterspurnad og handtering av søknadar. Talla i tabellen er statistikk for Bokn for 2015 henta frå Hjelpemiddelsentralen i Rogaland.

Aktive brukerar	Brukerar med utleverte hjelpemiddel i perioden	Nye brukerar i perioden	Antall hjelpemiddel utlevert	Samla verdi for utleveringar
63	18	6	107	361 753,00

Teneste 2530 – Pleie og omsorg / Sjukestova

Sjukestova har dei siste åra hatt stor fokus på omsorgsprogrammet Profil og å få programmet implementert hos personalet. Dette som ein nå gode resultat av. Pleieplanar vert jamleg oppdaterte, og ein har tatt i bruk fleire funksjonar i programmet. Å sende og å motta elektroniske meldingar frå ulike samarbeidspartnarar har og vore eit av satsingsområda, i tråd med lovverket. I februar 2015 starta ein opp med PLO meldingar mot psykiatrisk eining.

Tenesta har godt kvalifisert personal med høg grad av spesialisert kompetanse. Det har lukkast å rekruttere gode medarbeidarar når det har vore utlyst stillingar, og eininga har godt arbeidsmiljø. Det vart i 2015 tilsett sjukepleiar i ny stilling for å unngå unødige bruk av bemanningsbyrå.

2015 var eit år med stramme budsjett, også for pleie- og omsorg. Eininga har gjennom året levert inn månadlege økonomirapportar, slik at ein på denne måten får betre oversikt over kva økonomiske midlar ein stadig rår over, og kva ein har brukt. I pleie- og omsorg er det fyrst og fremst bemanning som gjer at tenesta overskrider budsjettet. Sjukestova har ei grunnbemanning som går i turnus, men i løpet av året vil ein gjerne få ulike utfordringar som gjer at bemanninga må auke. Som tala i dei ulike tabellane viser, ser ein at me har hatt stor etterspurnad på tenestene våre, noko som også gjer seg utslag i at tenestene i periodar har måtte auka bemanninga. Våren 2015 fekk tenesta nye brukarar som hadde stort ressursbehov. Tenesta har hatt fokus på tiltak for å hindre overtid for å redusere kostnader.

Dagsenter/seniortreff:

Dagsenteret held framleis til i stua til omsorgsbustadene og har opne kvar torsdag. Det er eit tilbod til heimebuande eldre frå 75 år. På dagsenteret spelar dei bingo, driv med handarbeid og har det sosialt. Det vert servert middag og med jamne mellomrom kjem det nokon og underheld med f. eks song. Eit par gonger i året prøver dagsenteret å ta ein tur utanfor kommune for å handle og ete ein god middag. Dei som har behov for det får tilbod om skyss til dagsenteret.

Tenesta har dei siste åra aktivt prøvd å få i gong eit tilbod til heimebuande med kognitiv svikt, og ein løyste dette med å integrerte tilbodet saman med dagsenteret på tysdagane. Dette har vist seg som en god løysing, og ein har hatt her hatt ekstra bemanning som har tatt seg av denne gruppa.

I tillegg til dagsenteret om tysdagane, har ein auka opp tilbodet her med kvar torsdag. I 2015 prøvde ein å laga eit tilbod for heimebuande menn som hadde behov for eit tilbod.

Teneste 2340 Bu og aktivitet:

Ved avdelinga Bu- og Aktivitet er det personar med fysiske og psykiske funksjonshemmingar som får tilbod om bustad og/ eller dagaktivitet. Avdelinga har og ansvar for dagsenter for eldre. Bu og Aktivitet har og tilbod om avlastning for familiar som har behov for dette.

Dagaktivitet for personar med funksjonshemming er eit omsorgs og aktivitetstilbod til personar som ikkje kan delta i ordinært arbeidsliv. Det legg til rette for ulike aktivitetar, sosialt fellesskap og tilbod om nødvendig helsehjelp. Døme på aktivitetar er symjing, bibliotek, turar, spel og ulike hobbyaktivitetar.

Personar med psykisk utviklingshemming som har omsorgsbustad i kommunen har tilrettelagt arbeid i og utanfor kommunen på dagtid. Bokn kommune har avtale med desse arbeidsplassane som tilbyr eit meningsfullt arbeid og er ein viktig sosial arena.

Teneste 2540 –Pleie og omsorg/ Hjelp i heimen

Våren 2015 vart det sett i gong eit midlertidig prosjekt for å prøva alternative moglegheiter i forhold til organisering av heimehjelpen. Prosjektet hadde i starten ei tidsramme på seks veker, men etter evaluering av prosjektet bestemte ein seg for å fortsetje ut sommaren. Etter nok ei evaluering på hausten, vart ordninga innført som del av fast drift då dette var ei god løysing for både brukarar av heimehjelpen og for institusjonsdrifta.

I 2015 var det totalt 19 brukarar av heimehjelps tenesta, der ein har hatt eit gjennomsnitt på 14,75 oppdrag pr månad og eit gjennomsnitt på 33,25 timar pr månad.

Brukar av heimehjelp 2015:**Brukar av korttidsopphald/dagopphald 2015:**

	Oppdrag	Timar	Antall brukara	Antall liggedøgn	Dagopphald
Januar	15	35,0	3	62	20
Februar	13	30,0	3	54	21
Mars	14	34,5	3	41	15
April	14	28,0		0	0
Mai	15	30,0	4	42	4
Juni	15	37,0	2	30	22
Juli	15	33,5	4	62	6
August	15	33,0	2	24	0
September	16	31,0	3	35	0
Oktober	16	35,0	3	55	0
November	15	39,5	2	9	0
Desember	14	32,5	1	24	0
Totalt for 2015	177	399,0	30	438	88
Gjennomsnitt pr mnd	14,75	33,25	2,5	36,5	7,33

Det har i liten grad vært ledig plass på sjukestova i 2015, og det har gjennom året vore ein del over -belegg på avdelinga. Som ein ser av skjema, var det berre i april at det ikkje var nokon inne på korttidsopphald.

Som i åra tidlegare, har det og i 2015 vore stort fokus på pasientgruppa i skjerma eining. Frå sommaren 2015 vart bemanninga auka fast på dag og kveld.

Utviklinga framover

Slutføring av Bustadsosial handlingsplan i 2015 vil la grunnlag for vidare utvikling av tenestetilbod til eldre og personar som har trong for pleie og tilsyn i Bokn kommune. Det vart i desember 2015 vedteke bygging av inntil 15 tilrettelagte bustader, og dette vil ha stort fokus dei neste åra.

Utredning av interkommunalt samarbeid i høve legevakt og kommunale øyeblikkeleg hjelp senger vil fortsette i 2016, og vil legge grunnlag for eit vidare samarbeid med omliggande kommunar.

Alle seksjonane starta i 2015 eit nærværsprosjekt som har som mål om å auke nærværet. Prosjektet held fram i 2016.

RAMMEOMRÅDE 6 - SEKSJON TEKNISK

Innleiing

Som før har teknisk seksjon ansvar for drift og vedlikehald av alle bygg som kommunen eig. Likeeins står seksjonen for drift og vedlikehald av vassverk med pumpestasjon på Torland og anlegg for vassreinsing på Vaulen samt leidningsnett for forbruksvatn. Teknisk driv avlaupsanlegg med slamavskiljarar og pumpestasjonar. Vedlikehald av vegar og offentlege plassar ligg til seksjonen. Teknisk skal arbeida ut planar og handsama plan- og byggjesaker og er sekretær for forvaltningsstyret. Førebyggjande brannvern og brann- og redningsoppgåvene ligg til teknisk. God forvaltning av fiske og viltressursane kviler på seksjonen.

Seksjonen har i 2015 gjennomført dei planlagde investeringane. Dette er nærare kommentert under kvar teneste.

Ressursbruk

Driftsresultat (i heile 1000)	Rekneskap 2014	BUDSJETT 2015	Rekneskap 2015	Avvik frå budsjett
Brutto utgifter	10.573	11.986	12.469	483
Brutto inntekter	-6.153	-6.318	-6.604	-286
Netto utgift	4.420	5.668	5.865	198

Bemanning	2013	2014	2015
Administrasjonen	1,7	2	2
Uteseksjonen	2	2	2
Sum årsverk	3,7	4	4

I tillegg til dei to faste vaktmeistrane hadde ein inn ein sommarvikar for vaktmeistrane i 9 veker. Seksjonen har nå 2 bilar på 4 årig leasingavtale.

I 2015 hadde ein stabile tilsetjingstillhøve. Ingen slutta og ingen nye byrja i teknisk. I fyrste halvår i 2015 hadde ein noko lang og korttidssjukefråvær i administrasjonen. Byggjesakshandsamar har ikkje naudsynte kurs i matrikkelføring. Ein er ikkje i rute kva gjeld arbeidet med å føra matrikkelen Frå hausten 2014 har ein hatt avtale med Suldal kommune om føring av etterslepet. Ein god del er gjort, men mykje står att. Samarbeidet med Suldal fungerer godt og held fram inn i 2016.

Frå nyåret har byggjesakshandsamar fått ansvar for å vera prosjektleiar for utbygging av Bokn vassverk. Dette er ei prioritert oppgåve som må bli gjort ferdig slik at kommunen i samsvar med avtale med Rogfast, kan levera vatn når anlegget tek til 1. halvår 2017. Avtalen om levering av vatn til Rogfastprosjektet vil finansiera det meste av kostnaden med eit nytt framtidretta vassverk i Bokn kommune. I tillegg til oppgåva med vassverket skal han ha ansvar for dagleg teknisk drift samstundes som han skal vera ansvarleg for vaktmeistertenesta i fleirbrukshallen. Etter at vassverket er ferdig, er det meininga at han skal fungera som drifts- og eigeomssjef i tillegg å ha ansvar for vaktmeistertenesta i fleirbrukshallen. På grunn av denne nyordninga, blei det like etter nyåret tilsett ny

byggjesakshandsamar i prosjektstilling. Administrasjonen var i ferd med å førebu sak om ny stilling som byggjesakshandsamar kring påske 2016, men dette blei sett på vent medan ein arbeider med ny og framtidsretta organisering, som kan koma som følgje av eventuelle endringar i kommunestrukturen. Prosjektleiari for fleirbrukshallen gjer i ledige stunder byggjesakshandsaming. Denne hjelpa er til stor nytte.

Ein har avtale med Tysvær kommune om kart og oppmåling samt landbruk, viltstell, miljø og akvakultur.



Resultatvurdering

Aktivitet/teneste	2013	2014	2015
Brannøvingar / utrykningar	8/10	14712	10/10
Husbrann	0	0	0
Trafikkuhell	3	3	4
Kart / oppmåling forretningar	14	22	41
Antall km. vannledning	19,8	19,8	19,8
Antall vannbrudd	2	1	0
Saker til forvaltningsstyret	45	50	48
Adm. Byggesaker.delingssaker	49	31	31
Reg.planer/ bebyggelsesplaner	8	2	4 (Endeleg)

Teneste 1300 Administrasjonsbygg / 2610 Sjukestova

Arbeidet med brannsikring av Boknatun inkludert sjukeheimen går sin gang. Det er nå ferdig utarbeidd brannkonseptet. Arbeid med brannsikring av sjukestova ligg inne i budsjettet med kr 600.000 i 2016 og kr 600.000 i 2017. Ein har likevel sett saka på vent medan ein ventar på avklaring av om « Prosjekt tilrettelagde bustader» vil føra til ombygging i sjukestova.

Teneste 2210 Barnehagebygg

Barnehagen fekk tilbygg med ny avdeling og blei rusta opp i 2013. Det var difor ikkje naudsynt med vedlikehaldsarbeid av nokon storleik i året som gjekk. Slik ein ser det vil barnehagen kunna tena si oppgåve utan store kostnader på bygg i mange år.

Teneste 2220 Skulebygg

Ein har ikkje i 2015 hatt midlar til å koma vidare med naudsynte energisparetiltak og under dette utskifting av fyringsanlegg. Fyrkjelen er gamal og kan bryta saman. Kjelen er fyrt med olje. Olje kan frå 2020 ikkje vera det som gjev grunnoppvarming i bygget. Men oljekjelen kan likevel bli nytta til å ta topplastene. I 2015 fekk ein laga ei utgreiing om opprusting av skulen. Konklusjonen er at dersom ein skal setja i gong slikt arbeid, blir det svært dyrt. Å ta deler av det er lite aktuelt. For tida går barnetalet ned. Ein har difor vedteke å venta med renoveringsarbeidet til ein har eit klarare bilete av utviklinga. I mellomtida må ein taka det naudsynte utskiftings- og utbetningsarbeidet som kjem til syne.

Teneste 3350 Parkar, plassar og torg

Kyrkiegard

Midlane som blir nytta til å skjera trea på kyrkjegarden ligg no i budsjettet til kyrkjeverja.

Parkering ved kyrkja

Det blei løyvd pengar til ny parkeringsplass ved kyrkja på slutten av 2015. Plassen var grusa og kunne nyttast til påske og asfalten vil vera på plass før sommaren i år.

Teneste 3400 Vassverk

Seinhaustes 2015 blei det gjort avtale med E39-Rogfastprosjektet om levering av vatn. Avtalen inneber at Bokn kommune må rusta opp heile vassverket. Til dette er det i budsjettet lagt inn ei kostnadsrame på kr 16 mill. Det meste av kostnaden blir betalt gjennom avtalen som seier at Rogfast skal gje tilskot og kjøpa vatn frå vassverket.

Planarbeidet er no, april 2016, i gong samstundes som ein etter kvart får inn prisar. Prosjektet skal vera ferdig mars 2017. Alt går så langt etter planen. Tidlegare byggjesakshandsamar er fristilt og fungerer som prosjektleiar.

Teneste 3500 og 3530 Avlaup – kloakk

Kommunen har ansvar for drift av 5 felles slamavskiljarar og 3 kloakkpumpestasjonar. Slammet blir levert til Toraneset miljøverk. Ein hadde ikkje problem med drifta i året som gjekk. Frå og med 2016 har HIM tatt over arbeidet med å tøma slam og under dette arbeidet med å fakturera.

Slamavskiljaren som tener bustadene i Føresvik er for liten, og må tømast ofte. Her trengst ny og større slamavskiljar. Ein har likevel valt å venta med dette arbeidet til ein kjenner planane for framtidig bustadbygging.

Teneste 3550 Renovasjon

Renovasjonsordninga for Bokn vert drifta av HIM som og fakturerer. Ordninga fungerer godt.

Teneste 3380 og 3390 Brann og feiarvesen

Det er gjort avtale med Tysvær når det gjeld drift av brannkorpset. Avtalen gjeld funksjonen som brannsjef, øvingsopplegg, utdanning og kvalitetssikring. Tysvær står for tilsynsarbeidet og har ansvar for feiing. Brann og redningsvesenet hadde 10 øvingar og rykte ut til 6 branntillaup og 4 trafikkuhell i 2015. Ingen av hendingane kan kallast alvorlige. Det var ingen husbrannar i 2015. Det er kome krav om at alle som skal vera med i frivillig brannvern må ha grunnopplæring. Det er gjennomført kurs som det er krav om for brannmennene. Mannskapsstyrken er stabil og held oppe ein flott frivillig beredskap.

Kommunane på Haugalandet arbeider med planar for eit interkommunalt brannvern. Alle kommunane med unntak av Haugesund og Karmøy har gjort vedtak om å gå inn i samarbeidet. Haugesund og Karmøy vil avklara si deltaking før sumaren. Når naudsynte vedtak er gjort, skal det interkommunale brannvernet vera etablert innan utgangen av 2017.

Teneste 3010 - 3030 Kartverk, oppmåling samt plan- og byggjesak

Kommuneplanen som blei godkjent i kommunestyret 17.12.2013 er eit reiskap når nye reguleringsplanar skal lagast og når byggjesakene skal handsamast. Ein er no, april 2016, i gong med kommuneplanstrategiarbeidet som skal vera ferdig før jul i 2016. Det er leigd inn konsulent til å leia arbeidet med planstrategien, som er ein reiskap der politikarane skal avklara kva endringar ein skal gjera i kommuneplanen og kva reguleringsplanar og andre planar ein skal laga i inneverande periode.

Reguleringsplanane for Rogfast, Are - Laupland - Knarholmen blei godkjent hausten 2015. Kommuneplanen legg til rette for god utnytting av tunellmassane. Det er gjort avtale med Rogfastprosjektet om at dei skal vera med å utarbeida reguleringsplan for området Knarholmen – Lauplandsvågen. Det er leigd inn konsulent til

å arbeida ut to planar i området. Begge planane er førehandsvarsla og det er kome mange merknader. Arbeidet har stoppa opp medan ein ventar på at veglina for ny E39, Bokn – Os blir fastlagd.

Reguleringsplan for strandsona langs sjøen mellom Alvestad og Føresvik blei etter vedtak i kommunestyret den 14.10.2014 lagt ut på høyring utan turveg. Fylkesmannen har sett fram motsegn mot planen med bakgrunn i at gangvegen var ein føresetnad for dei arealdisponeringane som låg i planen. Utan gangveg fell føresetnadene bort. Fylkeskommunen fekk utsett varslingsfrist for å få motsegn vedtatt i fylkesutvalet. Ein har etter dette frå politisk hald i Bokn, arbeid med å finna ei løysing som fylkeskommunen kan godkjenna før ein går vidare. Ein er i ferd med å finna ei løysing saman med fylkeskommunen i desse dagar, april 2016. Når dette er på plass vil planen bli handsama vidare.

Reguleringsplanen for småbåthamna i Hålandssjøen blei ferdig i 2015.

Privat reguleringsplan for naust og småbåthamn på Akسدalsnes blei godkjent i 2015

Reguleringsplanen for Føresvik Sør, Sæbøområdet, ved Fleirbrukshallen blei godkjent i 2016..

Kommunen arbeider med sentrumsutviklingsplan for Føresvik.

Kommunen tek del i arbeidet med reguleringsplan for Holmen - Føresvik sentrum. Planarbeidet er i startfasen i desse tider, april 2016, og blir drive fram av private interesser. Det hastar med å få planen fram då han vil vera ein føresetnad for at ein skal kunna nytta overskotsmasse frå Rogfast til utfylling.

Den private reguleringsplanen for området ved Føresvik brygge er nå (april 2016) klar for politisk handsaming.

Privat plan for bustadområde med 12 tomter på Kro er handsama fyrste gong i forvaltningsstyret 6. april 2016 og ligg ute til offentleg ettersyn.

Arbeidet med reguleringsplan for bustadområdet på Vågaheia har stoppa opp medan ein ventar på at trase for ny E39 Bokn – Os skal bli fastlagd.

Det er samarbeidsavtale med Tysvær om oppmåling og kartarbeid samt oppgåver med å oppdatera eigedomsbasar og å gjera planane digitale.

Kommunen er med i forvaltningssamarbeid om geodata i samband med at ein har pålegg om årleg å oppdatera kartdata innafør kommunegrensene. Dette arbeidet er og med i samarbeidsavtalen med Tysvær. Dei fleste reguleringsplanane er no digitaliserte, og er tilgjengelege på nettet slik lova krev.

Teneste 2650 og 3150 Bustadfelt og bustader

Utleigebustader

Kommunen eig i alt 21 leigebustader. 15 av desse er omsorgsbustader. Av omsorgsbustadane har 9 direkte innadørs tilkomst frå sjukeheimen og 6 ligg i eit hus like ved. I Øyrenfeltet på Austre Bokn har kommunen to rekkjehus med 2 bustader for

ungdom i kvart. Dei 2 siste utleigebustadene ligg i eit eldre hus i Føresvik. Alle bustadene har vore utleigde det meste av tida. Ei politisk gruppe arbeider nå med planar for fleire omsorgsbustader. Gruppa skal sjå dette i saman med ei eventuell ombygging av sjukeheimen. Ein reknar med at arbeidet vil vera ferdig i 2018.

Det kommunale bustadfeltet, Fyrvegen, med 8 tomter til einebustader og ei tomt til tett småhusbygging sto ferdig før ferien i 2015. Tomtene har lege ute for sal sidan nyttår i 2015. Tomta for tett småhusbygging og ei einebustadtomt er seld. På einebustadtomta byggjer ein no hus.

Reguleringsplanen for det private bustadfeltet sør i Alvestadkroken blei godkjent i 2011, men arbeid i marka er framleis ikkje sett i gong.

Det er ikkje kome i gang arbeid i det private feltet for tett bustadbygging i Alvestadkroken der reguleringsplanen blei godkjent i 2014. Bustadene her ligg ute for sal.

Det er i ferd med å bli etablert eit privat tomteselskap der kommunen er mindretalseigar. Selskapet har til føremål å kjøpa tomteland, regulera og opparbeida tomter for sal.

Alle krav som no blir stilte frå statleg og regionalt mynde, gjer at planarbeidet tek mykje tid og blir dyrt. Når ein minner om dette, er det av di ein ynskjer å få fram at det er viktig å prioritera dei neste byggjefelta og koma i gong med reguleringsarbeid. I dag kan ikkje etablering av byggjefelt gjerast som hastesak.

Teneste 3330 og 3340 Vegar og gater, Trafikksikring

ØKONOMI	2013	2014	2015
Investering(heile tusen)	0	0	0
Netto driftutgifter pr. km (1000kr)			
AKTIVITET			
Antall km. veger m. oljegrus	12,6	12,6	13,1
Antall km. grusveger	4,8	4,8	4,5
Antall km. gangveg	0,3	0,3	0,6
Antall veglys	323	323	329

Vegvedlikehaldet i 2015

Det står att arbeid for mellom 1 og 1,5 mill. om ein skal asfaltera alle kommunale vegar. Det er sett av midlar på budsjetter for 2016 og 2017 slik at ein kan asfaltera Hognalandsvegen. Arbeidet er bestilt og kjem i gong med det fyrste. Etter dette står Arsvegen for tur. Arsvegen vil få stor trafikk i samband med Rogfastutprosjektet. Ein vonar difor at vegvesenet vil ta del i utbetringsarbeid her.

Det blei ikkje gjennomført ekstraordinære trafikksikringstiltal i 2015.

Teneste 3600 – Naturforvaltning

Oppgåvene med viltforvaltning blir tekne vare på av samarbeidsavtale med Tysvær kommune. Oppgåvene er avgrensa til forvaltning av hjortevilt.

Utviklinga framover

Utfordringane er dei same som før. Krav til vedlikehald og opprusting av bygg, vegar og grøntanlegg vil auka. Dei pengar og den arbeidskrafta ein har til rådvelde, set grenser som gjer at ein ikkje kan halda ein høg kvalitet på vedlikehaldet på alle felt. Nye anlegg fører til auka vedlikehald. Eit godt vedlikehald er naudsynt om uteareal, bygg og anlegg skal stå fram og fungera slik alt var tenkt.

Kravet om planar som grunnlag for kommunale forvaltingsvedtak blir heile tida strengare. Vi ser at krav om konsekvensutgreiing på mange felt som arkeologi, fauna og flora (biologisk mangfald), trafikkfare og støy frå veg og ikkje minst tilhøvet til strandsona gjer at planarbeidet tek lengre tid og gjer planane dyrare. Kommuneplanen er bærebjelke og vegvisar for kva som kan skje dei neste åra.

Planstrategien vil avklara kva endringar ein ynskjer å gjera i kommuneplanen og kva reguleringsplanar og andre planar som skal bli prioriterte. Alt tyder på at ein må prioritera tilrettelegging for bustadbygging om ein skal få positiv utvikling i folketalet.

Utviding av vassverket er ei stor og viktig oppgåve som er i full gong. Nytt vassverk skal stå ferdig våren 2017. Då vil ein kunna levera vatn til Rogfastprosjektet samstundes som ein vil ha eit vassverk som vil kunna gje vatn til dei som bur på Bokn så langt fram ein kan sjå.

Bokn har teke del i planarbeid knytt til Haugaland Vannområde, som er del av Rogaland Vannregion. Arbeidet har stoppa, men kjem no i gong att. Retningslinjene som kjem ut frå arbeidet, vil bli ein del av grunnlaget som fylket skal leggja til grunn når dei skal uttala seg om kommunale planar. Av den grunn er det viktig å ta del for å kunna påverka innhaldet i planane.

Det er ei stor oppgåve å fylgja opp krav til internkontroll og kvalitetssikring. Krava til dokumentasjon i byggjesak og planarbeid er strenge. Det er eit aukande krav frå publikum om at alle papir skal vera på plass og at offentlege kartverk skal vera oppdaterte. Manglande godkjenningar og ferdigattestar eller attestar som er utskrivne på sviaktande eller feil grunnlag, kan få verknad i samband med sal av eigedom eller i forsikringssaker. For å meistra oppgåvene, vil ein måtta bruka etter måten mykje tid og pengar på fagleg opplæring og oppdatering.

Teknisk seksjon skal femne om mange fagfelt. Aukande krav til kompetanse gjer at det blir vanskelegare å gjera eit effektivt og fagleg godt nok arbeid i sakshandsaminga.

Større fagmiljø som fylgje av oppretting av interkommunalt brannvern eller som fylgje av endringar som kjem ut av kommunestrukturdebatten vil kunna få verknad for framtidig drift i seksjonen.

POLITISK OG ADMINISTRATIV LEIING 2015

Politisk leiing	2015	Sept. 2015
Ordførar	Kyrre Lindanger AP	Tormod Våga SP
Varaordførar	Lars Norekvål	Lars Sigmund AlvestadH
Formannskap:	Tormod Våga, SP May Jorunn Vatnaland, SP Ann J. S. Olaussen, H Anne L. Faye, AP Arne Hosaas, AP	Eirik Nedrebø, SP Anita Kro, SP Sigmund Alvestad, KRF Lene Foss, H Kari Christensen, AP
Administrasjonsutval leiar:	Kyrre Lindanger, AP	Tormod Våga, SP
Forvaltningsstyre leiar	Eilif Staalesen, H	Emilie Moi Eikje, SP
Kontrollutval leiar	Daghild Alvestad, SP	Lars Øyvind Alvestad, AP

Politisk aktivitet;

Kommunestyret	7 møter	67 saker
Formannskap	9 møter	62 saker
Administrasjonsutvalg	0 møte	0 sak
Forvaltningsstyre	8 møter	48 saker
Kontrollutvalget	4 møter	26 saker

Administrativ leiing:

Rådmann	Jan Erik Nygaard
Kommunalsjef/ass.rådmann	Solrunn Alvestad
Kommunalsjef	Ingunn Toft
Seksjonssjef teknisk	Kåre Bua

Revisjon	Deloitte AS
----------	-------------